



Fylkesmannen i Møre og Romsdal



Årsrapport 2017

Innholdsliste

Innholdsliste	2
1 Fylkesmannens beretning	4
1.1 Overordnet vurdering av samlede resultater, ressursbruk og måloppnåelse	4
1.2 Overordnet framstilling av de viktigste prioriteringer for året	4
1.3 Sentrale forhold internt og eksternt som har hatt betydning for oppnådde resultater	4
Sted, dato og fylkesmannens signatur	5
2 Introduksjon til embetets hovedtall	6
2.1 Embetet og samfunnsoppdraget	6
2.2 Organisasjon og ledelse	6
2.3 Presentasjon av utvalgte nøkkeltall	6
3 Årets aktiviteter og resultater	10
3.1 Redegjørelse for, analyse og vurdering av oppnådde resultater	10
Hovedmål 1 - Nasjonal politikk skal være kjent og iverksatt i fylket	10
Hovedmål 2 - Statlig virksomhet på regionalt nivå skal være godt samordnet og legge til rette for gode helhetsløsninger	10
Hovedmål 3 - Rettssikkerhet skal være ivaretatt på en enhetlig måte i fylket og på tvers av embetene	10
Hovedmål 4 - Fylkesmannen skal ta de initiativ som finnes påkrevd og holde sentrale myndigheter orientert om tilstanden i fylket og effekten av statlig politikk	11
3.1.1 Nasjonal politikk skal være kjent og iverksatt i fylket	11
3.1.1.1 En bærekraftig, trygg og fremtidsrettet samfunnsutvikling og arealbruk	11
3.1.1.2 Informasjon og veiledning er tydelig og målrettet	13
3.1.1.3 Fylkesmannen understøtter kommunenes arbeid med samfunnssikkerhet og beredskap	14
3.1.1.4 Økt kunnskap om sosialtjenesteloven	14
3.1.1.5 Økt tilgjengelighet og kapasitet, samt styrket kvalitet i helse- og omsorgssektoren i kommunene	15
3.1.1.6 Forbedret, forsterket, tverrsektoriell og samordnet innsats jf. Opptappingsplan for rusfeltet 2016-2020	18
3.1.1.7 Styrket folkehelsearbeid	19
3.1.1.8 Økosystemene i fylket har god tilstand og leverer økosystemtjenester	20
3.1.1.9 Ingen arter og naturtyper i fylket er utryddet, og utviklingen til truede arter er i bedring	21
3.1.1.10 Et representativt utvalg av norsk natur skal tas vare på for kommende generasjoner	22
3.1.1.11 Utslipp av helse- og miljøfarlige stoffer er redusert og forurensning skader i så liten grad som mulig helse og miljø	22
3.1.1.12 God økonomiforvaltning i kommunene	23
3.1.1.13 Økt verdiskaping i landbruket	23
3.1.1.14 Bærekraftig landbruk	25
3.1.1.15 Andre oppdrag	26
3.1.2 Statlig virksomhet på regionalt nivå skal være godt samordnet og legge til rette for gode helhetsløsninger	26
3.1.2.1 Den offentlige boligsosiale innsatsen skal være helhetlig og effektiv	26
3.1.2.2 Helhetlig og samordnet arbeid med samfunnssikkerhet og beredskap i fylket	27
3.1.2.3 Tilsyn skal være samordnet, målrettet og medvirke til læring og forbedring	28
3.1.2.4 Klimahensyn skal ivaretas i alle sektorer	28
3.1.2.5 Fylkesmannen understøtter nasjonale myndigheters og kommunenes arbeid med flyktningsituasjonen	28
3.1.2.6 Andre oppdrag	29
3.1.3 Rettssikkerhet skal være ivaretatt på en enhetlig måte i fylket og på tvers av embetene	29
3.1.3.1 Høy kvalitet i veiledning, kontroll, tilsyn og klagebehandling	29
3.1.3.2 Effektiv og korrekt lov- og tilskuddsforvaltning	31
3.1.3.3 Befolkningen har tillit til tjenestene og får ivaretatt sin rett til forsvarlige og nødvendige	31

tjenester	33
3.1.3.4 Økt rettssikkerhet og rettslikhet for vergetrengende	35
3.1.4 Fylkesmannen skal ta de initiativ som finnes påkrevd og holde sentrale myndigheter orientert om tilstanden i fylket og effekten av statlig politikk	36
3.1.4.1 Økt kvalitet og kompetanse i kommunene	36
3.1.5 Gjennomførte evalueringer	37
3.2 Avvik på oppdrag i tildelingsbrevet og/eller faste oppgaver i virksomhets- og økonomiinstruks	37
3.2.1 Tverrsektorielle oppdrag/oppgaver	37
3.2.2 Arbeids- og sosialdepartementet	37
3.2.3 Barne- og likestillingsdepartementet	37
3.2.4 Helse- og omsorgsdepartementet	37
3.2.5 Justis- og beredskapsdepartementet	37
3.2.6 Klima- og miljødepartementet	37
3.2.7 Kommunal- og moderniseringsdepartementet	38
3.2.8 Kunnskapsdepartementet	38
3.2.9 Landbruksdepartementet	38
3.3 Særskilte rapporteringskrav fra tildelingsbrevet	38
3.4 Redegjørelse for, analyse og vurdering av ressursbruk	61
3.5 Samlet vurdering av måloppnåelse i forhold til samfunnsoppdraget og regnskapsresultat	62
4 Styring og kontroll i embetet	63
4.1 Redegjørelse for vesentlige forhold ved embetets planlegging, gjennomføring og oppfølging	63
4.1.1 Embetets risikostyring	63
4.1.2 Embetets internkontroll, herunder iverksatte tiltak	63
4.1.3 Bemanning, kapasitet og kompetansesituasjonen i embetet	63
4.1.4 Forvaltning av egne eiendeler (materielle verdier)	64
4.1.5 Oppfølging av eventuelle avdekkede svakheter/utfordringer, herunder merknader fra Riksrevisjonen og status for arbeidet med informasjonssikkerhet	64
4.2 Rapportering av andre vesentlige forhold knyttet til personalmessige forhold, likestilling, HMS/arbeidsmiljø, diskriminering, ytre miljø og lignende	64
5 Vurdering av framtidsutsikter	65
5.1 Forhold i og utenfor embetet som kan påvirke embetets evne til å løse samfunnsoppdraget på sikt	65
5.2 Konsekvenser for embetets evne til å nå fastsatte mål og resultater på lengre sikt	65
6 Årsregnskap	66

1 Fylkesmannens beretning

1.1 Overordnet vurdering av samlede resultater, ressursbruk og måloppnåelse

Måloppnåing

Fylkesmannen i Møre og Romsdal meiner at vi også i 2017 har løyst samfunnsoppdraget vårt på ein god måte innafør våre gitte økonomiske rammer.

Imidlertid vil vi peike på at dei siste åra med rammekutt som følge av Avbyråkratiserings- og effektivitetsreformen (ABE-reform) skapar nokre utfordringar iht. prioritering i oppgaveløysing, da oppdragsmengda til embetet er minst like stor som tidlegare.

Ved årsskiftet hadde fylkesmannen i Møre og Romsdal 156 tilsette. Av desse 112 kvinner og 44 menn. Sjukefråvere for 2017 er 4,6%, som er på same nivå som i 2016.

For embetet sitt regnskapsresultat viser vi til årsregnskapet i kapittel 6.

1.2 Overordnet framstilling av de viktigste prioriteringer for året

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har i 2017 arbeidd med revidering av strategiplanen for embetet 2017-2020. I denne planperioden har embetet sett søkelys på følgjande tverrfaglege satsingsområde:

1) Samordning av statleg styring, med særskilt fokus på samordning av statlege tilsyn, har følgjande målsetting:

- at den samla tilsynsbelastninga på den enkelte kommune er realistisk og kjent
- at statlege tilsynsmyndigheiter i fylket kjenner til og er informert om kvarandre sine tilsyn
- at ein kan lære av kvarandre sine tilsyn

Fylkesmannen har i 2017 hatt som mål å organisere og sette samordning av tilsyn i system, og målkrava våre har vi greidd å innfri.

2) Betre oppvekst med fokus på barn og unge sine oppvekstvilkår; jf. Her kjem også 0-24 satsing for utsette barn og unge inn.

3) Omstilling og smarte løysingar skal møte kravet om digitalisering og automatisering av arbeidsprosesser og tenester slik at effektiviseringsgevinsten kan omdisponeras til prioriterte område.

FMMR har i 2017 hatt auka fokus på samordning og samarbeid med KS, Møre og Romsdal fylkeskommune og andre regionale aktørar. I 2017 vedtok fylkeskommunen ein **Forsknings- og innovasjonstrategi (FoI)** for kommunane i Møre og Romsdal i partnerskap med Fylkesmannen, akademia, forskingsmiljøa, helseforetaket, KS og kommunane. FoI- strategien forpliktar partnerskapet til ei heilskapleg satsing på forskning, utvikling og omstilling i kommunane. Handlingsdelen i strategien er allereie i gong.

Fylkesmannen har i partnerskap med Møre og Romsdal fylkeskommune brukt 2017 til å utvikle og vedta prosjektet "**Møre og Romsdal 2025**". Fylkeskommunen er eigar av prosjektet med støtte frå Fylkesmannen. Målsettinga er å videreutvikle regionen Møre og Romsdal i tett samarbeid med KS, kommunane og regionale statlege aktørar. Prosjektleiar er tilsett, og handlingsdelen i prosjektet er i gong.

Kommunereforma resulterte i 5 nye kommunar i Møre og Romsdal som involverer 14 kommunar. Dei nye kommunane er Hustadvika, Molde, Ålesund, Fjord og Volda. Fylkesmannen har hatt tett oppfølging av dei nye kommunane. I samarbeid med KS har vi gjennomført samlingar både for fellesnemndene og prosjektleiarane.

Fylkesmannen har også følgd opp kommunar som ikkje er blitt samanslått til ein ny kommune. Desse kommunane er i ulike utviklingsprosessar i fortsettjinga av kommunereforma, og nokon som ein del av grensejusteringsakene.

I etterkant av kommunereforma har KMD vedteke at Fylkesmannen skal utgreie **5 grensejusteringar** i Møre og Romsdal. Dette involverer 4 av våre nye kommunar og 4 eksisterande kommunar, til saman 16 kommunar. Fylkesmannen har brukt mykje ressursar på dette arbeidet i 2017. Dei involverte kommunar, samt Møre og Romsdal fylkeskommune har også brukt ein god del tid til utgreiingsarbeidet.

I 2017 fekk vi gjennomført langt fleire stadlege tilsyn som gjeld personar med psykisk utviklingshemming. Meir ressursar til dette tenestområdet etter ei intern omfordeling av midlar gjorde det mogleg at 19 av 24 tilsyn vart gjennomført, noko som er det høgaste på mange år innafør dette fagområdet.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har jobba med rekruttering av legar i fleire år. Ny fylkeslege kom på plass januar 2017, og ny assisterande fylkeslege vart tilsette hausten 2017, men tiltrådte ikkje jobben før 2.1.2018. Vi har no 2 legar på plass i faste stillingar, og er godt fornøgd med det.

Fylkesmannen har vore aktiv i informasjonsarbeidet om jordvern, både gjennom kronikkar, og tema på alle regionrådmøtane med rådmenn og ordførar. I tillegg har ei også møtt planutval og formannskap i mange kommunar. Vi har lagt vekt på gode klimatiltak, og vi legg til rette for meir bruk av tre i offentlege bygg.

Fylkesmannen sin nye oppgåve og rolle innanfor arbeidet med **elevane sitt skulemiljø**, kap 9A, har kravd mykje ressursar hausten 2017. Endringane stiller både juridiske, faglege, pedagogiske og miljøarbeidsmessige krav til kommunane/skulane. Vi bruker derfor mykje tid på rettleiing og oppfølging av sakane både ovanfor foreldre, kommunar og skular. Mange av sakene er komplekse, og har foregått over mange år.

Talet på klagesaker som blir behandla etter plan- og bygningslova innan fristen på 12 veker har auka samanlikna med 2016. Det er ei omprioritering av juridiske ressursar, som har gjort at vi no har større måloppnåing på dette resultatmålet.

At talet på **ROBEK kommunar** går ned frå 10 til 4 i løpet av 2017 er også viktig å ta med i denne overordna oppsummeringa. Det betyr at fleire kommunar tek attende styringa over eigen økonomi, og kan konsentrere seg om meir om utvikling av kommunen sin.

1.3 Sentrale forhold internt og eksternt som har hatt betydning for oppnådde resultater

Omprioritering av interne ressursar måtte til for at vi skulle ha moglegheit til å følgje opp søknadane som grensejustering som kom i kjølevatnet av Stortingsvedtaket om kommunesamanslåingar.

Stadlege tilsyn mot personar med psykisk utviklingshemming er eit område som har hatt betydelege restansar over år. Fylkesmannen har også dette punktet med i sin leiaravtale. For 2017 vart det gjort ei omprioritering internt med midlar til dette arbeidet i helse- og sosialavdelinga. Betydeleg fleire tilsyn er

gjennomført, og rettstryggleiken for denne gruppa er såleis betra.

Sted, dato og fylkesmannens signatur

Molde 28.02.2018

Lodve Solholm

2 Introduksjon til embetets hovedtall

2.1 Embetet og samfunnsoppdraget

Fylkesmannen er statens representant i fylket og har ansvar for å følge opp vedtak, mål og retningslinjer frå Stortinget og regjeringa. Fylkesmannen er dessutan eit viktig bindeledd mellom kommunane og sentrale styresmakter. Fylkesmannen utfører ulike forvaltningsoppgåver på vegner av departementa. Fylkesmannen kontrollerer også verksemda i kommunane og er klageinstans for mange kommunale vedtak. Fylkesmannen har derfor fagkunnskap på ei rekkje overordna samfunnsområde, samtidig som vi sit på viktig lokalkunnskap. Fylkesmannen skal dessutan sørge for rettstryggleiken for enkeltinnbyggjarar, verksemdar og organisasjonar ved å sjå til at grunnleggjande prinsipp som likebehandling, likeverd, føreseielegheit, handlefridom, habilitet og rettferd blir sikra i forvaltninga.

- Fylkesmannen er sektorstyresmakt på ei rekkje viktige politikkområde. Som sektorstyresmakt representerer Fylkesmannen fleire departement og underliggjande direktorat og sentrale tilsyn.
- Fylkesmannen er rettstryggleiksstyresmakt som klageinstans for kommunale vedtak og som tilsynsstyresmakt på sentrale velferdsområde som kommunane forvaltar.
- Fylkesmannen er regional samordningsstyresmakt for staten. Fylkesmannen skal blant anna samordne statlege verksemdar og arbeidet deira mot kommunane.
- Som regjeringa sin representant i fylket skal Fylkesmannen arbeide på vegner av og ta initiativ som er til beste for fylket.
- Fylkesmannen skal halde sentrale styresmakter orienterte om viktige spørsmål i fylket og formidle relevant informasjon til kommunale, fylkeskommunale og statlege organ.

Fylkesmannen har òg oppgåver for Kongehuset.

Når det gjeld samarbeid med andre embeter er det naturleg å trekkje fram 5-fylkesmannsmøte som ein viktig arena for samhandling og læring på tvers av embeta. Det same gjeld samarbeid om totalforsvarsmøte i midt- Norge. Øvrig samarbeid mellom embeta skjer mykje via det einskilde fagområde, og samling for eksempel direktorane, administrasjonssjefane mm.

2.2 Organisasjon og ledelse

Fylkesmannen har kontorsted Molde. Ved årsskiftet hadde fylkesmannen i Møre og Romsdal 156 tilsette. Av desse er to verneområdeforvaltere lokalisert til hhv. Geiranger og Rindal, ein nasjonalparkforvalter Åndalsnes og tre tilsette på Herje Genbank. Av 156 tilsette er det 112 kvinner og 44 menn. Talet på årsverk er 132.

Sjukefråvere er nede på 4,6 %, om lag på same nivå som i fjor.

Embetet er organisert med 5 fagavdelingar, justis- og beredskapsavdelinga, helse- og sosialavdelinga, landbruksavdelinga, miljøvernavdelinga og oppvekst og utdanningsavdelinga og 2 staber, administrasjonsstab og informasjon, kommunal samordningsstab.

2.3 Presentasjon av utvalgte nøkkeltall

Nedafør følger ei rekkje tabellar med nøkkeltal frå embetet. I løpet av 2017 er det 13 tilsette som har sluttet hos Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Talet på kvinner og menn med personalansvar er 14 tilsaman. 7 av kvart kjønn. Prostennis utgjer dette 4,64 %

84,6 % av embetet sine driftskostnader er lønnskostnader.

Mindreforbruket i embetet for 2017 vart på 2,1% eller kr 2.058.000,-

Administrativ kostnadsdekning

Betegnelse på rapporteringskrav	Tall i 1000 kr.
Administrativ kostnadsdekning	4 428

Budsjettavvik

Betegnelse på rapporteringskrav	
Budsjettavvik (kr)	2 058.0
Budsjettavvik (%)	2.1 %

Driftsutgifter og lønn

Driftsutgifter	94 340.0
Lønn 052501	79 795.0
Lønnsandel av driftsutgifter	84.6 %

Husleie

Husleie (tall i 1000 kr)	8 401
Husleie (% av driftsutgifter)	9 %

Journalposter

Betegnelse på rapporteringskrav	Journalposter totalt	Antall journalposter i ePhorte	Antall journalposter i vergemåls-ePhorte
Antall journalposter	68 463	42 099	26 364

Regnskapstall sortert på poster

Betegnelse på rapporteringskrav	2017
052501	94 591
052521	4 137
Post 01 (unntatt 052501)	17 902
Post 20-29 (unntatt 052521)	61 009
Post 30-39	5 281
Post 40-49	0
Post 60-69	129 233
Post 70-79	10 428
Post 80-89	4 110

Årsverk

Betegnelse på rapporteringskrav	2017
Totalt antall årsverk pr. 31.12.	132.0
Totalt antall årsverk for kvinner pr. 31.12.	91.0
Totalt antall årsverk for menn pr. 31.12.	41.0
Totalt antall årsverk for faste stillinger pr. 31.12.	120.0
Totalt antall årsverk for midlertidige stillinger pr. 31.12.	12.0
Sum andel administrasjon	11.4 %
Økonomi	1.3
Lønn	0.5
IKT	2.0
Personal	2.1
Arkiv	7.6
Resepsjon/sentralbord	1.5
DFØs definisjon av årsverk er benyttet.	

Turnover

Betegnelse på rapporteringskrav	2017
Turnover i prosent	7.6 %
Gjennomsnittlig antall ansatte	132.0
Totalt antall ansatte som sluttet (ekskudert de som gikk av med pensjon) i løpet av året og ble erstattet	10.0
Totalt antall ansatte som sluttet	13.0
Herav ansatte som sluttet grunnet pensjonering	3.0
Herav ansatte som sluttet grunnet andre årsaker	10.0

Sykefravær

Betegnelse på rapporteringskrav	Dager/Prosentdel
Sum totalt sykefravær (legemeldt og egenmeldt)	1 727.0
Prosent sykefravær (legemeldt og egenmeldt)	4.6 %
Sum totalt sykefravær menn (legemeldt og egenmeldt)	176.0
Prosent sykefravær menn (legemeldt og egenmeldt)	1.6 %
Sum totalt sykefravær kvinner (legemeldt og egenmeldt)	1 551.0
Prosent sykefravær kvinner (legemeldt og egenmeldt)	5.9 %
Antall legemeldte sykedager for menn	83.0
Prosent legemeldte sykedager for menn	0.7 %
Avtalte arbeidsdager for menn	11 162.0
Antall legemeldte sykedager for kvinner	1 208.0
Prosent legemeldte sykedager for kvinner	4.6 %
Avtalte arbeidsdager for kvinner	26 200.0
Antall egenmeldte sykedager for menn	93.0
Prosent egenmeldte sykedager for menn	0.8 %
Antall egenmeldte sykedager for kvinner	343.0
Prosent egenmeldte sykedager for kvinner	1.3 %

Likestilling

Betegnelse på rapporteringskrav	Antall kvinner	Andel kvinner	Antall menn	Andel menn	Årslønn kvinner	Årslønn menn	Andel kvinners lønn av menns lønn
Totalt i virksomheten	112.0	71.8 %	44.0	28.2 %	528 000.0	564 300.0	93.6 %
Kategori 1: Embetsledelse/Dir/Admsjef	5.0	55.6 %	4.0	44.4 %	929 420.0	924 675.0	100.5 %
Kategori 2: Seksjonssjef/Ass dir	3.0	42.9 %	4.0	57.1 %	647 000.0	652 175.0	99.2 %
Kategori 3: Saksbehandler 1	48.0	78.7 %	13.0	21.3 %	553 225.0	573 078.0	96.5 %
Kategori 4: Saksbehandler 2	38.0	67.9 %	18.0	32.1 %	491 829.0	514 744.0	95.5 %
Kategori 5: Kontorstillinger	17.0	81.0 %	4.0	19.0 %	419 917.0	411 800.0	102.0 %
Kategori 6: Fagarb. stillinger		0.0 %		0.0 %			0.0 %
Kategori 7: Lærlinger	1.0	50.0 %	1.0	50.0 %	160 900.0	160 900.0	100.0 %

HR

Betegnelse på rapporteringskrav	2017
Sum antall ansatte	156.0
Antall kvinner	112.0
Antall menn	44.0
Sum antall deltidsansatte	23.0
Antall deltid kvinner	17.0
Antall deltid menn	6.0
Sum antall deltidsansatte grunnet omsorg jf.AML §10-2, fjerde ledd og HTA § 20	4.0
Antall deltid kvinner, omsorg	3.0
Antall deltid menn, omsorg	1.0
Sum antall midlertidige ansatte	16.0
Antall kvinner, midlertidig	14.0
Antall menn, midlertidig	2.0
Sum antall ansatte med personalansvar	14.0
Antall kvinner, personalansvar	7.0
Antall menn, personalansvar	7.0
Sum antall ansatte	156.0
Antall ansatte under 20 år	1.0
Antall ansatte 20 - 29 år	11.0
Antall ansatte 30 - 39 år	30.0
Antall ansatte 40 - 49 år	48.0
Antall ansatte 50 - 59 år	38.0
Antall ansatte over 60 år	28.0

3 Årets aktiviteter og resultater

3.1 Redegjørelse for, analyse og vurdering av oppnådde resultater

Hovedmål 1 - Nasjonal politikk skal være kjent og iverksatt i fylket

Fylkesmannen har mange møtearenaer i løpet av året kor nasjonal politikk blir formidla. I Møre og Romsdal har vi **3 regionråd**. "Fylkesmannens halvtime" er fast programpost på desse møta. Her stiller alltid Fylkesmann eller ass. fylkesmann. I tillegg har ofte direktørane faglege innlegg frå ulike tema i den nasjonal politikken.

Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging blir formidla gjennom våre fråsegner til både oppstart av planarbeid og ved **offentleg ettersyn**. Dette blir også gjort på drøftingsmøta med kommunane som gjeld enkeltsaker, og elles i samband med kurs, konferansar, nettverkssamlingar og regionalt planforum. Ved motsegner blir det lagt til grunn kva viktige regionale eller nasjonale omsyn som ligg til grunn for motsegna.

Kommuneplanen som styringsverktøy i kommunalt utviklings- og omstillingsarbeid er styrka; fleire kommunar har som ledd i dette fått på plass eller er i prosess med oppdaterte kommuneplanar med samfunns- og arealdel. Fylkesmannen har prioritert tett oppfølging av dette. Innspel frå dei ulike fagavdelingane blir her samordna og formidla tilbake til kommunane gjennom våre høyringsfråsegner. Det langsiktige, strategiske og tverrfaglege perspektivet i det kommunale planarbeidet er styrka. I forhold til kommunereforma med nye kommunale oppgåver og bygging av nye kommunar, vil dette vere av stor betydning.

Fylkesmannen har fleire faste arenaer for å formidle nasjonal politikk:

- Møte og samlingar med både kommuneleiinga og fagpersonell i kommunane
- Tett oppfølging og rettleiinga av kommunane om aktuelle tema løfta fram i tildelingsbrev, stortingsmeldingar og i styringsdialogane med våre oppdragsdepartement/direktorat
- I enkeltsaker gjennom klage, vedtak, befaring og tilsyn
- Konferansar, fagdagar og kurs
- Regionale dialogmøte
- Informasjonsmøte til ålmenta
- Møte i Fylkesberedskapsrådet og leiarane i NAV
- Årlege rådmannsdagar hos Fylkesmannen for nye rådmenn
- Aktiv bruk av våre heimesider

Fylkesmannen har i 2017 organisert arbeidet med ny Landbruksmelding. Meldinga vart vedtatt i fylkestinget i juni. Prosessen med meldinga har vore ein god arena for å formidle og skape forståing for statleg politikk.

Hovedmål 2 - Statlig virksomhet på regionalt nivå skal være godt samordnet og legge til rette for gode helhetsløsninger

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har frå hausten 2017 avsett meir ressursar til samordning, nettopp for å bidra til meir heilskapleg statleg styring.

Årshjul for samordning av **statlege tilsyn** er laga. Det er også utvikla eigen tilsynskalender. Sjå også omtale i punkt 3.1.2.3

Fylkesmannen samarbeider med statlege etater og institusjoner på helse- og velferdsområdet for å bidra til samordnet innsats. Tett samarbeid med NAV fylke, Bufetat, helseforetakets ulike fagområder, kompetansesenter rus, Husbanken og høgsolen, for å nevne nokon, bidrar i stor grad til samordning av statleg virksomheit.

Nokre eksempler på andre samordningsaktiviteter:

- **Regionalt samarbeid om kompetansetiltak, inkl UH sektoren**
- **Statleg samordning av motsegn av kommunale planar**
- **Samordning av arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap**
- **Samhandling innafør miljøforvaltninga**
- **Samordna landbruksmelding for Møre og Romsdal**

I planarbeidet har vi fokus på samarbeid for å tilstrebe omforent statlig politikkformidling ovanfor fylkeskommune, kommunar og andre aktørar som er involvert i plan- og utbyggingssaker.

Fylkesmannen og fylkeskommunen i Møre og Romsdal arrangerte i 2017 ein nasjonal plankonferanse, "Kampen om sjøareala", der agendaen var relatert til kva som skal til for å få til gode planprosessar i kystsona og det marine kunnskapsgrunnlaget. Programmet vart utarbeida i nær kontakt med Fiskeridirektoratet, Miljødirektoratet og ulike departement.

Vi har godt samarbeid med Fylkeskommunen innanfor plan, klima, friluftsliv, fisk, vilt- og vassforvaltning. Tilbakemeldinga fra aktørane viser at det er positivt at staten samordnar og tenkjer heilskapleg.

Det er store endringar i regional stat og det betyr at fylkesmannen si samordning også er i endring. Fylkesmannen vil i tida som kjem måtte å utvikle nye samarbeidsmonster.

Hovedmål 3 - Rettssikkerhet skal være ivaretatt på en enhetlig måte i fylket og på tvers av embetene

Saker etter **plan- og bygningslova** utgjør ein vesentleg del av vår klagesaksbehandling. For å ivareta rettstryggleik på dette området har vi fokus på kvalitet og omsynet til effektiv saksbehandling. Vi har i 2017 prioritert å redusere saksbehandlingstida i desse sakene og har ei klar forbetring i forhold til tidlegare år. Vi får mange spørsmål frå kommunane om forståinga av regelverket, og vi rettleiar mykje over telefon. Vi har likevel ikkje hatt kapasitet til å drive meir utstrakt rettleiing i form av konferansar, deltaking i ulike nettverk mv. Vi ser at det er eit klart behov for meir rettleiing av kommunane på dette saksområdet og dette vil bli prioritert frå vår side i 2018.

Vi har også i 2017 hatt fokus på å sikre rettstryggleiken til dei mest **sårbare gruppene**; demente, personar med psykisk utviklingshemming og innan psykiatri i

tillegg til sosialområdet, samfunnets siste sikkerhetsnett. fokuset har vært både gjennom tilsyn og i saksbehandling, både i rettighetsklager og i tilsynssaker. Det er aukande komplekse og samansette saker som krev tverrfaglege diskusjonar og behandling som set større krav til lege- og jurist ressurser.

Sommaren kan vera ei kritisk tid ift rettstryggleik då det kan vera mange ufaglærte i arbeid i helse- og omsorgstenestene. Vi gjennomførte difor stadlege tilsyn med personar med psykisk utviklingshemming 2 sommarveker. Vi varsla uanmeldte, stadlege sommartilsyn på våren og til alle kommunar. det vart likevel avdekt minst eitt lovbrøt i alle tilsyna.

Vi nyttar Statens Helsetilsyn og Helsedirektoratet sine rettleiarar. Vi gir mykje råd og rettleiing til tenestene gjennom handsaming av klagesaker. Fylkesmannen gjer også opplæring i lovforståelse på fleire områder. Forvaltningskompetansen varierer mye mellom kommunane og Fylkesmannen prioriterer å gi opplæring til særleg sårbar kommuner. Fylkesmannen i Møre og Romsdal deltek i regionale samarbeid for å sikre eins handsaming av tilsyn og klagesaker innen helseområdet og for å lære av kvarandre når det gjeld utviklingsarbeid på tvers av embeta.

Vi har fått færre klagesaker på **standpunktarakterar i grunnskulen** dei siste åra og vi trur at det har samband med den breie satsinga på "Vurdering for læring" i fylket der vurderingsforskrifta er sentral.

Fylkesmannen si deltaking i **regionale plannettverk** bidrar til meir einskapleg praksis og likt nivå for bruk av motsegn i arealplanar. Elles samarbeider vi med fleire andre fylke innanfor dei tema der vi finn dette relevant. Vi prioriterer brei deltaking på fagsamlingar i regi av Miljødirektoratet.

Tilsyn, rettleiing, og kvalitet i klage- og saksbehandling er prioritert for å sikre rettstryggleiken samt konkuranselike vilkår og pålegg.

Fylkesmannen legg stor vekt på lik forståing av regelverket og lik praksis mellom kommunane. Formidling av styringssignal og deling av fagkompetanse er viktige tema på alle treffpunkta mellom fylkesmannen og kommunane. Fylkesmannen formidlar styringssignala gjennom konferansar, møter, rundskriv og ikkje minst gjennom direkte kontakt med kommunane.

Hovedmål 4 - Fylkesmannen skal ta de initiativ som finnes påkrevd og holde sentrale myndigheter orientert om tilstanden i fylket og effekten av statlig politikk

Det opplevast som svært krevjande å drive gode **planprosessar i kystområda**, med mange aktørar og ulike interesse. Utviklinga innanfor blåe næringar går fort og fleire kommunar vegrar seg og har ytra ønske om meire bistand i dette arbeidet. Her er det behov for betre rettleiingsmateriale samt betre kunnskapsgrunnlag.

Vi registrerer og får meldt inn mange lovbrøt når det gjeld **ulovleg deponering av avfall**. Ulovleg handsaming av avfall frå useriøse aktørar, spesielt innanfor bygg- og anlegg, gir konkuransemessige utfordringar for seriøse aktørar som konkurrerer om oppdrag. Her har kommunane ei sentral rolle når det gjeld bygge- og riveavfall samt forsøpling. Næringa ber om betre kontroll, og at offentlege organ går framføre for å få betre innkjøpsrutinar som sikrar at avfall frå diverse bygg og renovasjonsprosjekt blir handsama på ein lovleg måte.

Fylkesmannen har tatt initiativ til å få på plass løysingar for å betre **trafikktryggleiken** for den nasjonale turistvegen over Trollstigen pga manglande mobildekning i eit lengre område med mykje trafikk. Vi jobbar framleis med å finne ei god løysing og finansiering for dette.

Fylkesmannen har faste møter med direktorata, kor vi informerer om effekten av statleg politikk. Eitt sentralt område for tilbakemelding har blant anna vore den **nye lova om skulemiljø** som har resultert i ei sterk auke av meldingar i den nye rolla vår som førsteinstans for handhevingsordninga. Vi har signalisert at det bl.a. er behov for ekstra ressursar.

3.1.1 Nasjonal politikk skal være kjent og iverksatt i fylket

3.1.1.1 En bærekraftig, trygg og fremtidsrettet samfunnsutvikling og arealbruk

FMMR har god oppfølging på dette punktet. Det er lagt stor vekt på rettleiing og tidleg medverknad i planarbeidet, og aktiv formidling av dei nasjonale forventningane. Nasjonal politikk blir formidla gjennom rettleiing på ulike måtar, m.a. gjennom møte, førehandsfråsegner og høyringsfråsegner. Dette vil kunne følgast opp gjennom drøftingsmøte og vidare dialog med kommunane med søkelys på utfordringar og konfliktavklaring. Som eit viktig grunnlag for Fylkesmannen sine tilbakemeldingar til kommunane er det utarbeidd eit eige kunnskaps- og vurderingsgrunnlag for merknader og motsegner i kommunale plansaker.

Plan- og dispensasjonssaker som omfattar fleire avdelingar hos Fylkesmannen krev samordning i forhold til saksbehandling, ansvar og avveging av interesser. Hos FMMR er det etablert faste rutinar for dette. Formålet med den interne organiseringa av plansamordninga er å finne gode løysingar i skjeringpunktet mellom nasjonale, regionale og lokale mål og interesser. Fagsaksbehandlarar knytt til ulike fagavdelingar og fagområde vil i prinsippet kunne trekkast aktivt inn, avhengig av sakstype og saksfelt. Klagesaker og byggesaker etter plan- og bygningslova vil i hovudsak vere lagt til Justis- og beredskapsavdelinga. Desse sakene er ikkje del av plansamordninga.

Ved embetet blir det utarbeidd eigen kvartalsvis statistikk og rapportering knytt til plansaksbehandlinga. Kort oppsummert viser oppgåvene knytt til plansamordning i 2017 at:

- aktiviteten på plansida er stor med t.s. 1140 plansaker/ekspedisjonar, fordelt på 461 plansaker og 679 dispensasjonssaker
- det er stor breidde og variasjon i sakene i forhold til både innhald og kompleksitet; dei fleste plansakene har ein klar tverrfagleg karakter og er avhengig av innspel frå ulike fagavdelingar og fagmiljø hos FMMR i samband med høyringssvar og vidare dialog
- plansakene og dispensasjonssaker fordeler seg svært ulikt på kommunane; nokre kommunar har vesentleg større aktivitet og fleire saker enn andre
- talet på motsegner i arealplansaker ligg på nivå med tidlegare år; flest motsegner knyter seg til tema Barn og unge, samt manglar i samband med Støyvurderingar og ROS/klimatilpassing
- tidleg medverknad og dialog undervegs i planprosessane gjer at konfliktar kan avklarast og løysast tidlegare; langt færre arealplansaker går til mekling
- kompetanse og kapasitet på planområdet varierer mykje kommunane i mellom; utfordringane i forhold til dette er gjerne størst i dei minste kommunane
- FMMR har eit tett samarbeid med fylkeskommunen på plansaksområdet; dette omfattar både kurs, konferansar, nettverksamlingar, regionalt planforum – samt uformell kontakt gjennom den løpande plansaksbehandlinga
- kommunepleanen som styringsverktøy i kommunalt utviklings- og omstillingsarbeid er styrka; fleire kommunar har som ledd i dette fått på plass oppdaterte kommunepleanar med samfunns- og arealdel
- kommunane har utarbeidd planstrategiar for perioden 2016 – 2020 der koplingane til kommunereformarbeidet og etablering av nye kommunar har stått sentralt; alle fagavdelingane hos FMMR bidrar her aktivt med innspel til våre høyringsbrev til kommunane
- forsøket med statleg samordning av motsegn til kommunale planar har gitt Fylkesmannen ei utvida rolle i forhold til plansamordning; forsøksperioden har gått ut 2017 og vil bli innført som ei permanent ordning frå 01.01.2018.

Planprosesser – formidling av nasjonale og regionale hensyn (fra kapittel 3.1.1.1.1 i TB)**Rapportere på**

FM har hatt dialog med og formidlet nasjonale og regionale hensyn til alle kommuner i fylket.

Nasjonale og regionale hensyn blir i første rekke ivarettatt og formidla gjennom vår kontakt med kommunane i den løpande plansaksbehandlinga. Dette omfattar bade tilbakemeldingar i form av skriftlege høyringsfråsegner, dialog og oppfølging undervegs i planprosessen, samt møte og synfaringar. Det er elles lagt vekt på planfagleg rettleiing og oppfølging frå FM si side – og gjerne i samarbeid med fylkeskommunen. Samarbeidet med fylkeskommunen på plansaksområdet omfattar både kurs, konferansar, nettverkssamlingar, regionalt planforum – samt uformell kontakt gjennom den løpande plansaksbehandlinga.

Pr. 31.12.2017 har 35 av dei 36 kommunane i Møre og Romsdal utarbeidd utkast til kommunal planstrategi for perioden 2016 – 2020. Fylkesmannen som høyringsinstans har gitt fylldige tilbakemeldingar og høyringsfråsegner til kommunane i samband med planstrategiarbeidet. Alle fem fagavdelingane hos Fylkesmannen har her levert innspel og merknader knytt til sine fag- og ansvarsområde. Nasjonale og regionale rammer og føringar for det kommunale planarbeidet har vore særskilt vektlagt her.

Fleire nabokommunar har i samband med planstrategiarbeidet samarbeidd knytt om felles kunnskapsgrunnlag og utfordringsbilde. Koplingar til utgreiingsarbeidet i samband med kommunereforma er her tydeleg, og vi ser også at det regionale perspektivet gjennom dette har fått auka merksemd. Gjennom arbeidet med kommunale planstrategiar har kommunane i sterkare grad retta søkelyset mot ei meir systematisk, tverrsektoriell og langsiktig planleggingstenking. Dette ser vi m.a. i forhold til tema som barn og unge, levekår, folkehelse universell utforming og klima. I arbeidet med kommuneplanens samfunnsdel ser vi ofte at dette er tema som inngår som gjennomgåande perspektiv

Fylkesmannen arrangerte den nasjonale plankonferansen Kampen om sjøareala saman med Møre og Romsdal Fylkeskommune, i nært samarbeid med Fiskeridirektoratet og Miljødirektoratet. Konferansen sette fokus på marin kunnskap og planleggingsverktøy som dei viktigaste verktøya for å nå målsetningane om vidare utvikling av havrommet innanfor berekraftige rammer. Om lag 210 deltok frå alle forvaltningsnivå og -område, nærings- og brukarinteresser langs heile kysten.

Andel relevante kommunale (fra kapittel 3.1.1.1.2 i TB)**Rapportere på**

Andel relevante kommunale og regionale planer med tidlig medvirkning: 100 %.

Fylkesmannen medverkar tidleg gjennom tilbakemelding ved oppstart av alle planar og gjennom fast deltaking i regional planforum. Kommuneplanen som styringsverktøy i kommunalt utviklings- og omstillingsarbeid er styrka; fleire kommunar har som ledd i dette fått på plass eller er i prosess med oppdaterte kommuneplanar med samfunns- og arealdel. Det langsiktige, strategiske og tverrfaglege perspektivet i det kommunale planarbeidet er styrka. I forhold til kommunereforma med nye kommunale oppgåver og bygging av nye kommunar, vil dette vere av stor betydning.

Fleire av plansakene er både komplekse og konfliktfylte, og krev tett oppfølging i form av møte og synfaringar. Lovverket stiller her store krav til Fylkesmannen både som sektormyndigheit og som samordnar. Meir konkret ser vi m.a. her at FMMR i dei siste åra har lagt inn meir ressursar i tidleg kontakt i planprosessar, med oppfølgjande arbeidsmøte og synfaringar for å redusere talet på konfliktar i plansaker.

Mekling i planer med (fra kapittel 3.1.1.1.3 i TB)**Rapportere på**

Mekling i planer med uløste innsigelser: 100 %.

Talet på motsegner i arealplansaker ligg om lag på nivå med tidlegare år. Fylkesmannen har i 2017 fremma motsegn til 91 planar; t.s. 82 reguleringsplanar og 9 kommune(-del)planar Mønsteret er elles som tidlegare at flest motsegner knyter seg til tema Barn og unge, samt manglar i samband med Støyvurderingar og ROS-analyse. Tidleg medverknad og dialog undervegs i planprosessane gjer at konfliktar kan avklarast og løysast tidlegare; langt færre arealplansaker går til mekling. Det er likevel ein tendens i retning av at fleire av sakene som går til mekling blir vidaresende til departementet for endeleg avgjerd.

Fylkesmannen har i 2017 gjennomført to meklingsmøte. Begge sakene omfattar kommuneplanens arealdel. FMMR var sjølv part i begge desse. Fylkesmannen har lagt vekt på at konfliktar og motsegner i større grad blir løyste undervegs i planprosessen gjennom dialog-/forhandlingsmøte mellom dei involverte partane. Gjennom dette har ein lykkast å finne løysingar utan å ta saka til mekling.

Fylkesmannen har i løpet 2017 hatt tre uavklarte motsegnssaker for vidaresending til Kommunal- og moderniseringsdepartementet. Dette omfattar reguleringsplan for Longva hamn i Haram kommune, reguleringsplan for Helland sentrum i Vestnes kommune, og reguleringsplan for Syltemoa sandtak i Norddal kommune. Fylkesmannen har ikkje vore part i nokon av desse sakene. Pr. 31.12.2017 har KMD fatta endeleg avgjerd i alle sakene.

Mekling i planprosesser med uløste innsigelser

Resultatmål	Differanse	Resultat
100 %	0 %	100 %

Landbrukets arealressurser er (fra kapittel 3.1.1.1.4 i TB)**Rapportere på**

Landbrukets arealressurser er ivarettatt i alle planprosesser.

Fylkesmannen koordinerte arbeidet med ny landbruksmelding, som definerte eit årleg tak på 200 dekar omdisponert.

Landbruksavdelinga er aktiv deltakar i planprosessar, og vi legg vekt på å gå i dialog for å finne løysingar som tek vare på arealressursane. Fylkesmannen arrangerer årleg samling for kommunane med jordvern og arealforvaltning som tema, og dei siste åra har vi bidratt på regionale opne konferansar om jordvern. Landbruksdirektøren har hatt møter med jordvern som tema i 9 kommuner.

Reduksjon i omdisponering (fra kapittel 3.1.1.1.6 i TB)

Rapportere på

Reduksjon i omdisponering av dyrka jord sammenlignet med 2015.

KOSTRA tal for Møre og Romsdal viser ein markert nedgang i tap av matjord, frå 403 daa i 2015 til 253 daa i 2016. For perioden 2007 til 2010 er det omdisponert til saman 4348 dekar. I desse tala er ikkje dyrkbar jord rekna med, og heller ikkje det som landbruksnæringa sjølv har bygt ned til egne føremål.

Fylkesmannen har i 2017 lagt ned eit stort arbeid i prosessen med ny landbruksmeldinga. Meldinga tok opp jordvern spesielt, og har nedfelt eit mål om at det årleg blir bygt ned under 200 dekar i fylket. Møre og Romsdal har dermed lågare nedbyggingstakt enn kva som går fram av dei nasjonale ambisjonane. Meldinga vart vedteken av fylkestinget i juni 2017. Skal vi nå jordvernmålet må hovudgrepa gjerast innanfor ei god bustad-, areal- og transportplanlegging.

Det er relevant å peike på at fleire store vegprosjekt samferdselsprosjekt skal gjennomførast dei komande åra. Med dette som bakteppe er det rimeleg å tru at det blir større press på dyrka mark framover, og at målsetjinga i landbruksmeldinga på kort sikt kan bli krevjande å nå.

Reduksjon i omdisponering av dyrka jord

Resultat. Så nye mindre ble omdisponert i 2016	Antall da dyrka jord som ble omdisponert i 2015	Antall da dyrka jord som ble omdisponert i 2016
150.0	403.0	253.0

De statlige planretningslinjene er lagt til grunn (fra kapittel 3.1.1.1.2.1 i TB)

Rapportere på

De statlige planretningslinjene er lagt til grunn i alle relevante regionale og kommunale planer.

Statlige planretningslinjer leggst til grunn i alle høyringsuttaler, både når det gjeld planar og dispensasjonar. Vi legg vekt på korleis planane oppfyller nasjonale mål, både når det gjeld arealbruk i strandsona, biologisk mangfald, jordvern, støy, omsynet til barn og unge m.m.

Når det gjeld dei statlege planretningslinjene for samordna bustad, areal- og transportplanlegging, har desse viktige tema ved oppstart av revisjon av overordna arealplanar og ved oppstart av reguleringsplanar der dette er aktuelt. Det er også stor pågang frå mange kommuner når det gjeld utbygging av naust og "rorbuer" i strandsona, og det leggst ned mykje arbeid hos fylkesmannen i å finne løysingar som ivaretek strandsonevernet. Når det gjeld jordvern, har vi fokus på den nasjonale jordvernstrategien, samt fylkeskommunen sin jordvernstrategi med mål for maksimal nedbygging i fylket. Omsynet til barn og unge er også eit tema som har spesielt fokus, i tråd med fylkesmannen si eiga satsing på området. Dette kjem særleg til uttrykk gjennom at det i planar for nye bustadområde setjast krav til areal til leik.

Alle planer etter plan- (fra kapittel 3.1.1.1.4.1 i TB)

Rapportere på

Alle planer etter plan- og bygningsloven er vurdert med hensyn til samfunnsikkerhet, herunder klimaendringer.

- Vi vurderer samfunnstryggleik, inkludert klimatilpassing, i alle saker vi får på høyring.
- Alle kommunane har rutinar for å vurdere samfunnstryggleik i sine kommune- og reguleringsplanar, og ROS er ein integrert del av planane til kommunane. Kvaliteten på ROS-vurderingane er i stadig beiring.
- Med byggeteknisk forskrift sine krav til tryggleik mot hendingar som flaum og skred sit få, om nokon, i kommunane på kompetansen til å avdekke reell fare. Konsulenttenester må derfor kjøpast inn, og fleire har påpeika at desse tenestene ser ut til å bli dyrare (og må nyttast oftare). Tilgang til fylkesgeolog er eit sagn.
- I dispensasjonssøknader er det tidvis dårleg synleggjort korleis/om samfunnstryggleik (trygg byggegrunn, jf. pbl. § 28-1) er vurdert i dokumentasjonsgrunnlaget.

3.1.1.2 Informasjon og veiledning er tydelig og målrettet

Fylkesmannen i Møre og Romsdal gjennomførte i 2017 til sammen 92 samlingar/kurs/konferansar med til sammen 6431 deltakarar. Dette er omtrent på same nivå som tidlegare år. Slike kurs og konferansar er heilt avgjerade for måloppnåing om informasjon og rettleiing kring statleg politikk.

I Møre og Romsdal har kommunane organisert seg i 3 regionråd. Nordmøre regionrå, med rådmenn og ordførarar Romsdal regionrå, med rådmenn, ordførarar og varaordførarar Sunnmøre regionrå, med ordførarar frå 17 kommunar.

Fylkesmannen har fast post med "Fylkesmannens halvtime", og vi ser på dette som ein sær viktig arena til å formidle nasjonal politikk til kommunane si øvste leiing.

Fylkesmannen arrangerer også rådmannsdagar for nye rådmenn, og det har stor effekt for både rolleforståing og kontakt seinare.

Nettsidane til Fylkesmannen må også nevast som viktig i vårt arbeid og ansvar for informasjon og rettleiing.

Barnehageeiers, barnehagemyndighets og skoleeiers (fra kapittel 3.1.1.2.1.1 i TB)

Rapportere på

Barnehageeiers, barnehagemyndighets og skoleeiers tilfredshet med fylkesmannens støtte og veiledning innenfor kompetanseutviklingstiltak, skal ligge på minimum samme nivå som landsgjennomsnittet for 2016, jf. «Spørsmål til Skole-Norge våren 2016» og «Spørsmål til Barnehage-Norge høsten 2016».

Resultatmålet er ikkje oppfylt på barnehageområdet, men oppfylt på skuleområdet.

Barnehageeiers og barnehagemyndighets tilfredshet med støtte og veiledning innenfor kompetanseutviklingstiltak

Differanse resultatmål	Resultatmål	Grunnlagstall
0.3	3.7	4.0

Skoleeiers tilfredshet med fylkesmannens støtte og veiledning innenfor kompetanseutviklingstiltak

Resultatmål	Differanse resultatmål	Grunnlagstall
47.0 %	0.0 %	47.0 %

3.1.1.3 Fylkesmannen understøtter kommunenes arbeid med samfunnsikkerhet og beredskap

I månadsskiftet mai/juni gjennomførte vi det årlege møtet med kommunale beredskapsmedarbeidarar. Det var 29 deltakarar frå 23 kommunar. I hovudsak beredskapskoordinatorar, men òg nokre rådmenn og kommunalsjefar. Tema for samlinga var mellom anna sivilmilitært samarbeid, atomberedskap, orientering om ny struktur i politiet, erfaringsdeling etter større hendingar og arbeid med FylkesROS.

Hausten 2017 gjennomførte vi ein fagdag om ROS-analysar i samarbeid med Helsedirektoratet der målgruppa var kommunane med rådmann, helse- og omsorgssjef, planleggar, beredskapskoordinator, og kommuneoverlege. Fagdagen hadde som mål å auke kommunanes kompetanse om kommunal beredskapsplikt sine krav til heilskapleg ROS-analyse og integrering av denne i det overordna plansystemet i kommunen. Vi hadde 80 deltakarar frå 29 kommunar, og tilbakemeldingane på fagdagen var svært gode.

Vi har også i 2017 hatt fokus på arbeid med overordna planverk knytt til beredskapsplanlegging mot store fjellskred. Vi jobbar vidare med felles planverk i samarbeid med kommunane og regionale aktørar, både i vårt fylke og i våre nabo fylker med liknande problemstillingar (Troms og Sogn og Fjordane). Også i år har vi handtert risikoen for fjellskred frå Veslemannen i Romsdalen i lag med Rauma kommune og dei andre aktørane i fylkesberedskapsrådet.

Gjennomføre tilsyn i ¼ av kommunene. (fra kapittel 3.1.1.3.1.1 i TB)**Rapportere på**

Gjennomføre tilsyn i ¼ av kommunene.

Vi har gjennomført tilsyn med ni kommunar i 2017. Tilsynet rettar seg mot leiinga i kommunen (Ordførar og Rådmann), samt beredskapskontakten. Vi er på andre runde med tilsyn med oppfølginga av lov og forskrift om kommunal beredskapsplikt. Inntrykket er at dei fleste kommunane no har heilskapleg ROS-analyse på plass.

Tilsyn og veiledning med kommunenes etterlevelse av kommunal beredskapsplikt med ¼ av kommunene

Tilsyn og veiledning med kommunenes etterlevelse av kommunal beredskapsplikt.				
Resultatmål	Differanse resultatmål	Resultat	Totalt antall kommuner i embete	Antall gjennomført tilsyn
25.00 %	0.00	25.00 %	36.00	9.00

Gjennomføre øvelser for kriseorganisasjonen i ¼ (fra kapittel 3.1.1.3.1.2 i TB)**Rapportere på**

Gjennomføre øvelser for kriseorganisasjonen i ¼ av kommunene.

Vi har i 2017 gjennomført ei diskusjonsøving for kommunal kriseleiing der alle kommunane i fylket hadde tilbod om å delta. 32 av 36 kommunar var med. Tema for øvinga var langvarig bortfall av elektronisk kommunikasjon som følge av langvarig straumbrot (over ei veke). Tilbakemeldingane frå kommunane viser at dette var ei nyttig og lærerik øving som ga gode innspel både om behov for tiltak og justering av eigne planverk, samt at mykje fungerte godt. I tillegg gjennomfører vi årleg fleire varslingsøvingar, i og utanfor kontortid, med kommunane. I år har vi òg gjennomført ei varslingsøving på satellitt-telefon, noko som er nyttig for trening og bruk av eit reserve-system som ikkje er ofte i bruk.

Gjennomføre øvelser for kriseorganisasjonen i ¼ av kommunene.

Fylkesmannen skal fylle ut antall øvelser gjennomført med kriseorganisasjonen i kommunene. Avvik fra resultatmålet skal kort begrunnes i kommentarfeltet.				
Resultatmål	Differanse resultatmål	Resultat	Antall kommuner i embetet	Antall kommuner det er gjennomført øvelser med
25.00 %	63.89	88.89 %	36.00	32.00

3.1.1.4 Økt kunnskap om sosialtjenesteloven

Vi har gjennom tilsyn, klagesaker og i dialogen med NAV kontor sett at behov for kunnskap og kompetanse om sosialtenestelova er stort. Kommunene har etter sosialtenestelova § 6 et ansvar for at den som utfører dei sosiale tenestene har god nok kompetanse til dette. Vårt inntrykk er at ikkje alle kommunar sikrar dette ved tilsetjing, men at det skjer gjennom intern opplæring og deltaking på våre kurs og kompetanseaktivitetar. Vår erfaring er at dette ikkje er nok til å sikre god forståelse og bruk av sosialtenestelova. Vi påpeikar dette i tilsyn og etterlyser kompetanseplanar. Vi ser at dette ansvaret i stor grad blir overlatt til NAV leiar som ikkje alltid klarer å sikre nødvendig kompetanseheving til dei som treng det. I Møre og Romsdal har vi mange NAV kontor som har organisert arbeidet med at statleg og kommunalt tilsette utfører oppgåver på både statleg og kommunalt arbeidsområde. Dette krev et høgt kompetansenivå som kanskje er urealistisk å forvente, men som like fullt er eit krav slik at dei som har behov for tenester etter sosialtenestelova blir identifisert og får forsvarlege tenester.

Alle NAV-kontor i fylket (fra kapittel 3.1.2.1.1 i TB)

Rapportere på

Alle NAV-kontor i fylket skal ha mottatt tilbud om opplæring.

I 2017 har vi hatt 2 dagers innføringskurs i sosialtenestelova der "nye i NAV" fikk prioritet også andre med lengre erfaring fekk delta. I tillegg har vi gjennomført i alt 5 fagdagar med fordjupning i aktuelle problemstillingar som NAV kontora sjølv har meldt inn. Dagane er planlagt og gjennomført i tett samarbeid med 6 kontaktpersonar i tre forskjellige NAV kontor. Tema på desse dagane var vilkår etter §§ 20 og 20a, § 18 og sakshandsamingsreglane. Barneperspektivet er i varetatt i alle våre aktivitetar. I tillegg er sosialtenestelova tema på de fire NAV-leiarsamlingane vi har saman med NAV Møre og Romsdal. Vi inviterte også til eigen fagdagar der vilkår etter §§ 20 og 20a var tema. Når det gjeld retten til Kvalifiseringsprogram er den tema på dei arenane det er muleg. Meir om dette lenger ned i rapporten

Opplæringstiltak for NAV

Resultatmål	Differanse resultatmål - resultat	Resultat	Antall NAV-kontor i fylket som har mottatt tilbud om opplæring	Antall NAV-kontor i fylket totalt
100 %	0 %	100 %	35	35

3.1.1.5 Økt tilgjengelighet og kapasitet, samt styrket kvalitet i helse- og omsorgssektoren i kommunene

Tiltak for å nå resultatmål er samordna og gjennomført. Kapasiteten i kommunale helse- og omsorgstenester er noko betre, men det er framleis behov for vidare styrking av tenestene. Dette gjeld særleg tenester til sårbare grupper.

Tilskudd til Kommunal kompetanse og innovasjon er av stor betydning for kvaliteten på tenestene i fylket, der 36 av 36 kommunar søkte på ein eller anna form av dette tilskuddet i 2017, sjå 7.3.3.1.1.

Fylkesmannen har gjennomført møte om Kompetanseløftet 2020 med kommunane og academia i 2017, samt ein omsorgskonferanse med fokus på kvalitet i tenestene. I desse samlingane fekk kommunane høve til å dele sine erfaringar frå ulike prosjekt og innovative satsingar.

Overfor kommunal leining har fylkesmannen understreka behov for å sikre at tenestene er forsvarlege og trygge. Vi påpeikar i alle "møte" med kommunane at heilskapleg planlegging, systematisk vurdering av behov, samt samarbeid med brukarane er naudsynt for å oppnå rett dimensjonering av tenester og effektiv bruk av ressursar.

Fylkesmannen har eit nært samarbeid med Utviklingssenter for sjukeheim og heimetenester. Gjennom samarbeidet bidrar fylkesmannen til at det skjer kvalitetsutvikling i helse- og omsorgssektoren, m.a. gjennom gode læringsnettverk.

Minst 70 % av kommunene (fra kapittel 3.1.3.1.1 i TB)

Rapportere på

Minst 70 % av kommunene har lagt planer for å møte fremtidens utfordringer på helse- og omsorgsfeltet, bl.a. kompetanse- og rekrutteringsplaner [1].

[1] Helsedirektoratet vil i dialog med fylkesmannen utarbeide felles kartleggingsmetode.

Fleire kommunar har lagt planar for å møte framtida sine utfordringar, men av ulik detaljeringsgrad og perspektiv. Nokre av planane er av eldre dato. Helse- og sosialavdelinga har gjeve innspel til alle kommunale planstrategiar som har kome til høyring. Vi veit gjennom dette arbeidet at fleire kommunar held på med revisjon av sine planar. Vi gjev det klare råd at dei bør utarbeide ein heilskapleg plan for eit samla helse- og omsorgsfelt. Dette har vi og i auka grad pressisert behov for og forventningar til ved ulike treffpunkt vi har med kommunane.

Andel av kommunene som har lagt planer for å møte fremtidens utfordringer

Resultatmål	Differanse	Resultat
70	0	70

Flere kommuner enn i (fra kapittel 3.1.3.1.1.2 i TB)

Rapportere på

Flere kommuner enn i 2015 gir dagaktivitetstilbud til hjemmeboende personer med demens [1].

[1] Antall personer med demens som får dagaktivitetstilbud og antall kommuner som gir dagaktivitetstilbud fremkommer av Helsedirektoratets oversikt over tildelt tilskudd. Oversikten oversendes fylkesmennene 3 ganger i året. I tillegg fremkommer antall kommuner som har dagaktivitetstilbud til personer med demens i Kostra-skjema 4 pkt. 4. Totalt antall personer med demens som får dagaktivitetstilbud fremkommer av nasjonale kartlegginger av kommunenes tilrettelagte tjenestetilbud for personer med demens. Siste kartlegging var i 2014, og neste er i 2018.

I 2016 hadde 27 av 36 kommunar dagaktivitetstilbud til personar med demens. Fleire kommunar av dei som ikkje har eit dagaktivitetstilbud til personar med demens, gir dagtilbod saman med andre brukarar.

I 2016 var det totalt 217,7 heile dagplassar til 452 personar med demens.

Alle kommunane er informert om den øyremerka tilskotsordninga, og nokon kommunar har starta opp med tilbod med fleksible løysingar på kveld og helg.

Antall kommuner som gir dagaktivitetstilbud til hjemmeboende personer med demens

Resultat	Antall kommuner som gir dagaktivitetstilbud i 2015	Antall kommuner som gir dagaktivitetstilbud i 2016
2	25	27

Flere personer med dem (fra kapittel 3.1.3.1.1.3 i TB)**Rapportere på**

Flere personer med demens får dagaktivitetstilbud sammenliknet med 2015 [1].

[1] Se referanse under fotnote 3.

I 2016 var det 452 heimebuande personar med demens som fekk eit dagaktivitetstilbud. Dette er ei auke på 33,5 % frå 2015.

Antall hjemmeboende personer med demens som får dagaktivitetstilbud

Resultat	Antall personer som får dagaktivitetstilbud i 2015	Antall personer som får dagaktivitetstilbud i 2016
113	339	452

Personell i helse- og (fra kapittel 3.1.3.1.1.4 i TB)**Rapportere på**

Personell i helse- og omsorgstjenesten har fått økt formalkompetanse sammenliknet med 2015 [1].

[1] Tall hentes fra KOSTRA.

Andel avtalte årsverk i kommunale helse- og omsorgstjenester har i fylket samla sett auka med 2,3 %. Vidare ser vi at andel årsverk i brukarretta tenester med fagutdanning og med fagutdanning fra høgskule/universitet har auka med 1%, frå 33 % til 34 %, i forhold til 2015.

Størst auke har ein i andel sjukepleiarar med vidareutdanning, som viser litt over landsgjennomsnittet. Vi ser og at enkelte kommunar har noko nedgang med personell med relevant utdanning, og vi vil følge med i vidare utvikling.

I 2017 tildelte vi om lag 12 millionar kroner frå tilskot kompetanse og innovasjon kap. 761.68, til kompetansehevande tiltak i kommunane. Resterande tilskot gikk til innovasjonsprosjekt i kommunane.

Personell i helse- og omsorgstjenesten har fått økt formalkompetanse

Resultat	Antall personell i 2015	Antall personell i 2016
222	9 638	9 860

Lagt til grunn Statistikkpakke (SSB) frå Helsedirektoratet: Avtalte årsverk i kommunale helse- og omsorgstjenester

Flere kommuner har ansatt psykolog sammenliknet med 2015 . (fra kapittel 3.1.3.1.1.5 i TB)**Rapportere på**

Flere kommuner har ansatt psykolog sammenliknet med 2015 [1].

[1] Tall hentes fra IS 24/8 for 2015 og brukes til oppfølging av kommunene i 2017. IS 24/8 for 2016 brukes for å måle måloppnåelsen ved utgangen av året.

Tall hentes fra IS 24/8 for 2015 og brukes til oppfølging av kommunene i 2017. IS 24/8 for 2016 brukes for å måle måloppnåelsen ved utgangen av året.

Antall kommuner som har ansatt psykolog

Resultat	Antall kommuner i 2015	Antall kommuner i 2016
10	10	20

I 2017 var 17 kommuner inne i tilskuddsordningen med totalt 27 stillinger - flere kommuner sliter med rekruttering og har overført midler fra tidligere år.

Økt andel av pasienter (fra kapittel 3.1.3.1.2.1 i TB)**Rapportere på**

Økt andel av pasienter med behov for habilitering- og rehabilitering mottar tjenester i kommunene sammenliknet med 2015 [1].

[1] Tall hentes fra IPLOS/SSB. Andelen beregnes ved å dele antall personer som får hab/rehab i kommunen på totalt antall personer med registrert behov for hab/rehab i kommunen.

Det er store forskjeller på habiliterings- og rehabiliteringstenestene i kommunene. Registrerte behov for habilitering og rehabilitering blir ikke rapportert i Ipløs eller Kostra.

Vi registrerer at det er flere kommuner som har starta opp med Kvardagsrehabilitering, med hovedfokus på rehabilitering i heimen. Fylkesmannen har på generelt grunnlag kummskap nok til meine at det er framleis mange brukarar som ikkje mottar eit tilstrekkeleg tilbod ut frå behov.

Økt andel av pasienter med behov for habilitering- og rehabilitering mottar tjenester i kommunene

Resultat	Andel pasienter i 2015	Andel pasienter i 2016
0 %	0 %	0 %

Statistikk som etterspurt finnes ikkje, og er derfor ikkje fylt ut.

Flere kvalifiserte årsverk (fra kapittel 3.1.3.1.2.2 i TB)**Rapportere på**

Flere kvalifiserte årsverk enn i 2015 arbeider innen habilitering og rehabilitering i kommunene [1].

[1] Tall hentes fra KOSTRA.

I 2015 var det 21,5 årsverk med fysioterapeutar i institusjon, og 21,8 årsverk i 2016. Dette viser ei lita auke.

Årsverk ergoterapeutar viser ein nedgang med 50 årsverk i pleie og omsorg i 2015, og 45 årsverk i 2016.

Det er og andre fagutdanningar som er inne på dette området. Det vert jobba tverrfagleg, mellom anna med helsefagarbeidarar og sjukepleiarar. Vi har ikkje oversikt over det samla talet på årsverk som arbeider innan habilitering og rehabilitering.

Flere kvalifiserte årsverk arbeider innen habilitering og rehabilitering i kommunene

Resultat	Antall kvalifiserte årsverk i 2015	Antall kvalifiserte årsverk i 2016
- 5	72	67

Tal henta frå Helsedirektoratet sin utsendte statistikkpakke (SSB) med årsverk fysioterapeut og ergoterapeut i kommunale helse- og omsorgstenester.

Minst ett innsatsområde (fra kapittel 3.1.3.1.2.3 i TB)**Rapportere på**

Minst ett innsatsområde er iverksatt i minst en relevant avdeling i 75 % av kommuner [1].

[1] Helsedirektoratet vil i dialog med fylkesmannen utarbeide felles kartleggingsmetode. Resultatet av kartleggingen forventes brukt av fylkesmannen i oppfølging av kommunene gjennom året.

Det var 27 av 36 kommuner som svarte på Helsedirektoratet sin Questbackundersøking i 2017. Her svarer 55,6% at kommunen har ei plan for habilitering og rehabilitering, og 80% av planane er handsama på politisk nivå og 20% på administrativt nivå. Av dei som framleis ikkje har ei plan på området, svarer 25% at ei plan er under utarbeiding.

På spørsmål i Questbacken: "I hvilken omfang har personer med behov for langvarige og koordinerte tjenester en individuell plan og oppnevnt koordinator" svarer 59,3 % på variablane 4 og 5, der høgaste variabel 5 er "i stor grad".

Det er tildelt tilskot til styrking av habilitering og rehabilitering til 9 kommuner. Det er no fleire kommuner som har tilbod om kvardagsrehabilitering.

Innsatsområde iverksatt

Resultatmål	Resultat	Andel kommuner
75 %	6 %	81 %

Questback i regi av Helsedirektoratet er lagt til grunn for tala. Det er 81% av dei kommunane som svarte som har ei plan for habilitering og rehabilitering, eller som har ei plan under utarbeiding.

3.1.1.6 Forbedret, forsterket, tverrsektoriell og samordnet innsats jf. Opptrappingsplan for rusfeltet 2016-2020

For å auke samhandlinga innan rusfeltet arrangerer Fylkesmannen i Møre og Romsdal kvart år konferansen «Ringar i vatn» for tilsette som arbeider innanfor rus- og psykiatريفeltet i kommune og i spesialisthelsetenestene i Møre og Romsdal. Konferansen vert gjennomført i samarbeid med Kompetansesenter rus – Midt –Norge (KoRus) og NAPHA.

For å auke kompetansen i kommunane har vi i tillegg til denne årlege nettverksamling invitert til fagdagar for tilsette i NAV om rus, og bruk av verkemiddel og kartlegging av rusutfordringar. Kurs om tvang overfor personar med rusproblem er også tilbudd dei ulike tenestene i kommunane.

Som eit ledd i arbeidet med å sjå på rus området som ein del av det heilskapelege helse og omsorgsarbeidet i kommunane har vi gitt uttale til planstrategiane fylkesmannen har fått til høyring. Og vi har jobba saman med KoRus om å informere og inspirere kommunane til å ta i bruk Brukarplan.

Tilskotsordninga er eit verktoy for å komme i dialog med og styrke kommunane sitt rusarbeid. 22 kommunar er i 2017 omfatta av ordninga.

Vi arbeider med å sjå rus i samheng med andre innsatsområde som folkehelse, barn og unge, Omsorg 2020 og har mellom anna tema om rusbruk på samlingar knytt til desse fagfelta.

Minst 70 % av kommunene (fra kapittel 3.1.3.2.1.1 i TB)

Rapportere på

Minst 70 % av kommunene sikrer brukermedvirkning i tjenesteutvikling innen rus- og psykisk helsefeltet [1].

[1] Tall hentes fra IS 24/8.

IS24/8 viser at det i Møre og Romsdal er 73 % av kommunane som ut frå eigen vurdering sikrar brukermedverknad . Dette er likt med landsgjennomsnittet. På den andre sida er det berre 36% av kommunane som seier dei systematisk nyttar innhenting av slik opplysningar som grunnlag for kvalitetsforbetring av tenestene.

Brukermedvirkning i tjenesteutvikling innen rus- og psykisk helse

Resultatmål	Resultat	Andel av kommunene
70 %	3 %	73 %

90 % av kommunene har kartlagt (fra kapittel 3.1.3.2.1.2 i TB)

Rapportere på

90 % av kommunene har kartlagt rusmiddelsituasjonen i kommunen ved brukerplan eller annen kartlegging [1].

[1] Tall hentes fra IS 24/8.

69% av kommunane rapporterer at dei har kartlagt rusmiddelsituasjonen ved hjelp av Brukarplan eller annan type kartlegging. Det er 10% fleire av kommunane som har gjort ei kartlegging ved bruk av Ungdata enn ved bruk av Brukarplan (64% og 56%)

Kartlagt rusmiddelsituasjonen

Resultatmål	Resultat	Andel av kommunene
90 %	- 21 %	69 %

70 % av kommunene har (fra kapittel 3.1.3.2.1.3 i TB)

Rapportere på

70 % av kommunene har sektorovergripende system for identifisering av personer med behov for tidlig intervensjon ved rusrelatert problematikk [1].

[1] Tall hentes fra IS 24/8

Det er 31% av kommunane som har eit sektorovergripande system for identifisering av personar med behov for tidleg intervensjon ved rusrelatert problematikk

Sektorovergripende system for identifisering av personer

Resultatmål	Resultat	Andel av kommunene
70 %	- 39 %	31 %

Flere kommuner har etablert (fra kapittel 3.1.3.2.1.4 i TB)

Rapportere på

Flere kommuner har etablert aktivt oppsøkende behandlings- og oppfølgingsteam for mennesker med rus- og psykisk helseproblematikk enn i 2016 [1].

[1] Tall hentes fra rapportering på tilskuddsordning "Langvarige sammensatte" (765.60) og "Kommunalt rusarbeid" (765.62) sett i sammenheng med IS 24/8.

I Møre og Romsdal har det ut frå rapporteringa IS24/8 vore ein nedgang frå 29 til 22 oppsøkande team for menneske med rus- og psykisk helseproblematikk. Ei endring i spørsmålsstillinga frå SINTEF gjer at det ikkje mogleg å samanlikne tala frå 2016 med 2017. Fylkesmannen i Møre og Romsdal kan korrjere avkreftede eller bekrefte om denne endringa er reell.

Fylkesmannen vart tildelt 9 mill over statsbudsjette i 2017 - *Tilbud til voksne med langvarige og sammensatte behov for tjenester og barn og unge med sammensatte hjelpebehov* over kap. 0765 post 60.

Midlane er fordelt på 10 ulike tiltak. - ca.55% til helseforetaket i samband med etablering/drift av ACT- og FACT-team. 45% til reine kommunale lavterskeltilbod og samarbeidstiltak retta mot barn og ungdom. Både innan denne ordninga og tilskot til kommunalt rusarbeid har kommunane etablert tverrfaglege oppsøkande team.

Etablert aktivt oppsøkende behandlings- og oppfølgingsteam

Resultat	Antall kommuner i 2015	Antall kommuner i 2016
1	8	9

Angående kommunalt rusarbeid finner vi ikke tilsvarende tall fra 2015. Tall for 2016 er 29 og tall for 2017 er 22.

3.1.1.7 Styrket folkehelsearbeid

Fylkesmannen jobbar tett med fylkeskommunen om folkehelsearbeidet i Møre og Romsdal. Fylkeskommunen har planar om å søkje på ordninga Program for folkehelse i 2019. Planlegging av dette arbeidet er ikkje komen i gang enno.

Det er 16 kommunar i fylket som har frisklivsentrarar. 9 av desse fekk tilskot i 2017. I samarbeid med fylkeskommunen arrangerer fylkesmannen årlege nettverksamlingar for frisklivsentrarane.

Vår satsing på arbeid for barn og unge, kalla «Betre oppvekst» har hatt eit tydeleg folkehelseperspektiv. Vi har der mellom anna hatt fokus på universell tilnærming som har innverknad på barn og unge sine oppvekstmiljø generelt. I 2016 sluttførte vi ei større kartlegging etter mal frå Sjumilssteget. Funn i denne kartlegginga saman med tal frå UngData gir kommunane ein god oversikt over sårbarare områder for barn og unge sitt oppvekstmiljø. Vi har bistått KoRus i arbeidet med UngData i kommunane.

Folkehelse inngår som fast sjekkpunkt i alle plansaker på høyring etter plan- og bygningslova. I den løpande plansaksbehandlinga vil merkander og vurderingar knytt til Folkehelse inngå i våre høyringsfråsegner i samband med kommunale planstrategiar, kommune(-del)planar og reguleringsplanar. Folkehelse vil i praksis ofte vere nær knytt til andre planfaglege tema som t.d. Universell utforming og Barn og unge. Det tverrfaglege perspektivet er her særleg understreka.

I samband med høyringane knytt til arbeidet med kommunale planstrategiar for perioden 2016 – 2020 har status for kommunane siitt arbeid med det systematiske folkehelsearbeidet vore nærare etterspurd.

Konferanse om godkjenning av skole- og barnehagebygg var planlagt i 2017 men måtte av praktiske grunnar gjennomførast i 2018. Det same gjeld implementeringa av nye nasjonale faglege retningslinjer for: Svangerskapsomsorgen – hvordan avdekke vold (IS-2181) Spedbarnsnæring, Helsestasjon 0-5 år, Skolehelsetjenesten og Helsestasjon for ungdom

Minst 75 % . (fra kapittel 3.1.3.3.1.1 i TB)

Rapportere på

Minst 75 % [1].

[1] Helsedirektoratet vil ha dialog med fylkesmannen om kartleggingsmetode. Resultater av kartleggingen forventes brukt av fylkesmannen i oppfølging av kommunene gjennom året.

Få kommunar har svart. Difor er det usikre tal.

Systematisk og langsiktig folkehelsearbeid

Resultatmål	Resultat	Andel kommuner
75 %	- 58 %	17 %

Bare 11 av 36 kommunar har svart på spørjeundersøkinga.

Minst 80 % . (fra kapittel 3.1.3.3.2.1 i TB)

Rapportere på
Minst 80 % [1].
[1] Som fotnote over.

Vi har ikkje eksakt oversikt over dette. Gjennom vårt arbeid med innspel på kommunale strategiplanar, ser vi at kommunane i sterkare grad legg vekt på utfordringar knytt til sosiale ulikheiter.

Vektlagt utjevning av sosiale helseforskjeller

Resultatmål	Resultat	Andel kommuner
80 %	- 80 %	

Sjå over.

3.1.1.8 Økosystemene i fylket har god tilstand og leverer økosystemtjenester

Økosystema i Møre og Romsdal har ein svært variabel tilstand. Utbygging, landbruk og busetnad er i stor grad konsentrert langs kyst og strandline, medan det er liten aktivitet i fjellet og dei høgstliggande skogområda.

Høgfjellsområda er i stor grad urørte når ein ser bort frå inngrep frå kraftutbygging/-overføring og vegbygging. Dette gjer at ein i stor grad har teke vare på høgfjellsøkosystemet. Størsteparten av dei inste fjellområda er verna etter naturmangfaldlova.

Dei opphavlege skogområda er prega av liten skogbruksaktivitet. Det vert no avvirka granplantingar frå 1950/60-talet med vegbygging og ny planting.

Dei kystnære økosystema er prega av oppdeling, inngrep og gjengroing. Dette endrar forholda for dei artane som krev desse habitata, og fleire våtmarksfugl er i tilbakegang. Dette gjeld også økosystema knytt til kulturlandskapet.

Det føreligg svært begrensa kunnskap om dei marine økosystema. Basiskunnskap om bunnforhold, topologi, marin natur, straumforhold og interaksjonen mellom desse er nær fraværande. Dette gir utslag i auka bruk av føre-var-prinsippet, og med det grunnlag for auka konflikhtar mellom berekraftig bruk og vern av sjøområda.

Utviklinga av ville anadrome bestandar er bekymringsfull. Vitenskapelig råd for lakseforvaltning sin rapport "Klassifisering av 148 laksebestander etter kvalitetsnorm for villaks" viser at ein overvekt av laksebestandane i Møre og Romsdal (ca 3/4) er i tilstandsklasse *moderat* til svært dårleg. Når det gjeld sjøaurebestanden viser mellom anna NINA-rapportar dei seinare åra at bestandane er under sterkt press.

Aspåsmyrane naturreservat er ferdig restaurert, og arbeidet i Sæterøya (Surna naturreservat) er godt i gang. For Rørvikvatnet er det laga eit forprosjekt, men her er det så store utfordringar at arbeidet i marka er ikkje starta.

Påbegynt overvåkingsprogram i alle vannregioner. (fra kapittel 3.1.4.1.1.1 i TB)

Rapportere på
Påbegynt overvåkingsprogram i alle vannregioner.

Overvåkingsprogrammet i Møre og Romsdal er utarbeida etter innspel frå offentlege instansar og brukarorganisasjonar, og samanstillar pågåande, planlagde og ønska overvaking i vassforekomstane. Overvåkingsprogrammet er eit felles eige, og er retningsgjevande for vassovervakinga i fylket.

Hovedtyngda av påverkingane frå industri og næring er relatert til kystområda samstundes som marin basiskunnskap er svært mangelfull. Når det gjeld overvaking er hovudmerkesmda difor retta mot kystvatn.

Med bakgrunn i dei frigjevne høgoppløyslege grunnkarta på Søre Sunnmøre har vi saman med Fiskeridirektoratet, Miljødirektoratet, Møre og Romsdal fylkeskommune og kommunane iverksett Pilot marine naturtypekartleggingar etter Natur i Norge-metodikk (NiN). Hensikta er å betre kunnskapen om marin natur samt utvikle ny NiN-metodikk marint, som fastsett av Stortinget. Faggruppa består av HI, NIVA og NGU. Artsdatabanken er sentrale i utviklinga av metodikken. Pilotprosjektet er toårig (2017-2018), og har ei foreløpig total budsjettamme på 6,38 mill NOK. Vi har også starta eit prosjekt om overvaking av Kornstadfjorden.

Vidare har vi gjennom søknad om overvåkingsmidlar bedt om at pre-MAGIN utvidast til også å omhandle overvaking etter vassforskrifta. pre-MAGIN planleggast å gjennomførast i tre område i Rogaland, Møre og Romsdal og Troms, og då det vil vere samanfallande interesser vil det gje gode samfunnsmessige løysingar å sjå desse kartleggingane og overvakingane i samanheng.

Tverrsektorielt marint arbeid i fylket har gitt auka felles forståing av kunnskapen om miljølthøva, og felles forståing av utfordringane knytt til bruk og vern. Slik felles forståing er vesentleg for å nå nasjonale målsetnader om god miljølthøva, vekst i marine næringar og berekraftig bruk og vern av havrommet.

Økt bruk av påleggsmyndigheten (fra kapittel 3.1.4.1.2.1 i TB)

Rapportere på

Økt bruk av påleggsmyndigheten hjemlet i vannkraftkonsesjoner sammenliknet med 2016.

Vi har ikkje gitt noko direkte pålegg i 2017. Vi har derimot initiert undersøkingar i Eidsdalselva med bakgrunn i konsesjonsvilkår gitt til Berge Kraft. Fiskeribiologiske undersøkingar er gjennomført.

Vurdert fag- og hjemmelsgrunnlag (fra kapittel 3.1.4.1.3.1 i TB)**Rapportere på**

Vurdert fag- og hjemmelsgrunnlag for tiltak i alle vedtatte vannforvaltningsplaner. Iversatt tiltak i henhold til forvaltningsplan på eget ansvarsområde eller har en begrunnelse dersom tiltak ikke iverksettes.

Løpande vurdering og gjennomføring av tiltak innanfor våre sektorområder. På forureiningsområdet gjeld dette oppfølging av alt av næring og anlegg med utslepp til sjø og ferskvatn.

Under følger ein gjennomgang av prioriterte vassdrag i vassforvaltningsplanane, vedlegg 2 og 3:

1. Oversikt over vannkraftpåverka vassdrag med miljømål som skal nås i form av endring i manøvreringsreglementet (t.d. vasslepp. Ref. vedlegg 2 i godkjeningsbrev av vassforvaltningsplanene frå Klima- og miljødepartementet). Kunnskapsgrunnlaget for desse vassdraga er godt. Det er fremja krav om revisjon av vilkåra, det er såleis naturleg å avvente nye vilkår fastsett av NVE for vidare tiltak gjennomført. Dette gjeld:

- Aura/Eira: Måla kan nås om det blir slept meir vatn. Det føreligg krav om revisjon av konsesjonsvilkåra. Her ligg miljøundersøkingar som grunnlag for krav samt underlag til søknadene. Det visast til NINA-rapporter for miljøundersøkingar og forslag til tiltak, samt vurderingar gjennomført i forbindelse med krav om revisjon.
- Svorka/Bøvra: Måla kan nås om det blir slept meir vatn samt gjennomført biotopiltak. Det føreligg krav om revisjon av konsesjonsvilkår. Her ligger undersøkingar som grunnlag for krav samt underlag til søknadene. Det visast til NINA-rapporter for miljøundersøkingar og forslag til tiltak, samt vurderingar gjennomført i forbindelse med krav om revisjon.
- Surna: Måla kan nås om det blir slept meir vatn samt gjennomført biotopiltak. Det føreligg krav om revisjon av konsesjonsvilkår. Her ligg undersøkingar som grunnlag for krav samt underlag til søknadene. Det visast til NINA-rapporter for miljøundersøkingar og forslag til tiltak, samt til vurderingar gjennomført i forbindelse med krav om revisjon.

2. Oversikt over vassdrag med miljømål som kan medføre andre typar tiltak som kan påleggast vasskraftsektoren (ref. vedlegg 3 i godkjeningsbrev av vassforvaltningsplanene frå Klima- og miljødepartementet). Ingen av vassdraga er relevante når det gjeld å pålegge vasskraftsektoren andre typar tiltak. Dette gjeld:

- Hareidselva: Deler av Hareidselva er senka og kanalisert, men er ikkje påverka av kraftregulering. Tiltak kan ikkje knyttast til konsesjonsvilkår.
- Valldøla: Hoelsfossen kraftverk er konsesjonsfritt, tiltak kan ikkje knyttast til konsesjonsvilkår. Det er etablert laksetrapp i tilknytning til inntaket til kraftverket ved Holsfossen. Ein- og tosidig flaum- og erosjonssikring over om lag 12 km strekning (meir eller mindre samanhengande).
- Spjelkavikelva: Vassdraget er ikkje kraftregulert, men er påverka av stort uttak til vassforsyning frå Brusdalsvatnet oppstrøms. Variabel miljøtilpassa vassføring er relevant, men må sjås i samheng med drikkevassforsyninga. Det føreligg biologiske miljøundersøkingar i vassdraget. Tiltak kan ikkje knyttast til konsesjonsvilkår.
- Moldeelva: Moldeelva er påverka av vassuttak til drikkevatt oppstrøms. Molde kommune har konsesjon for uttak frå Moldevatnet, Bårdsdalsvatnet, Bergsvatnet. Moldeelva fungerer som reservevannskilde til delar av Molde sentralvannverk. Vi er i tvil om tiltak kan knyttast til naturforvaltningsvilkår, tiltak må sjåast i samheng med drikkevassforsyninga.
- Angvikelva, nedre del: Konsesjon frå 1985 med standard naturforvaltningsvilkår, og ingen krav til minstevassføring. Tilgjengeleg kunnskap om naturtilhøva syner at det truleg er lite å hente på å pålegge tiltak gjennom naturforvaltningsvilkåra.
- Rinna, Svorka, Surna og Bøvra: Slik vi ser det er desse feilført i vedlegg 3, men høyrer alle til under vedlegg 2 (vasslepp). Desse er ein del av revisjonen av Surna og Bøvra som er frejma for NVE.

Når det gjeld andre vassdrag som ikkje er prioritert i vassforvaltningsplanane, viser vi til tidlegare innsendt tilbakesmeding (22.6.2017). Ein gjennomgang av kunnskapsgrunnlaget i alle vassdraga i fylket med sikte på å gjennomføre pålegg om meir undersøking og eventuelt pålegge tiltak vil bli svært ressurskrevjande. Basert på risikovurdering av løpande oppgåver og ønskt miljøeffekt har vi ikkje funne rom for å kunne prioritere ein slik gjennomgang.

3.1.1.9 Ingen arter og naturtyper i fylket er utryddet, og utviklingen til truede arter er i bedring

Vi har hatt stort aktivitet på aktiv skjøtsel for å bidra til å nå bevaringsmåla for dei ulike verneområda og i utvalgte naturtypar.

Utarbeiding av fylkesvis kultiveringsplan vart ikkje gjort ferdig pr.31.01.2017. Vi tar sikte på å sende den på høyring før 01.06.2018.

Arbeidet med bevaring og reetablering av laks- og sjøaurestammene i Raumaregionen går etter planen.

Vi har hatt urfordringar med å få på plass ny og sikker vassføring til Herje genbank.

I Drivaregionen vart det ikkje flytta opp så mange sjøaurar ovanfor fiskesperra som vi hadde ønska i 2017. Årsaka var forseinkingar med ferdigstilling av fisketrappa og fangsthuset. Bevarings- og reetableringsplan er utarbeida, og denne blir lagt til grunn for det vidare arbeidet i 2018.

Alle tiltak for truede arter (fra kapittel 3.1.4.2.1.1 i TB)**Rapportere på**

Alle tiltak for truede arter og naturtyper skal være i tråd med forvaltningsmål, faggrunnlag og handlingsplaner.

For utvalde naturtypar har vi fått utarbeidd skjøtselsplan for ca. 160 slåttemarker og 28 kystlyngheilokalitetar. Det er løyvt tilskott til 146 slåttemarker og 10 kystlyngheier. I tillegg kjem virkemiddel over regionalt miljøprogram.

Møre og Romsdal koordinerer den nasjonale kartlegginga av beitemarkssopp.

Sjøfuglane er i nedgang, særleg havhest, krykkje og alkefugl. Teisten hadde sitt dårlegaste hekkeår på år i 2017.

Det har vore omfattande aktivitet omkring hubrobstanden i 2017, mellom anna ved kartlegging av status for kjende hekkeplassar.

3.1.1.10 Et representativt utvalg av norsk natur skal tas vare på for kommende generasjoner

Arbeidet med marint vern vart ikkje starta opp i 2017 pga. manglande personalressursar. Det er forventa at dette vert gjennomført i 2018.

Antall gjennomførte verneplanprosesser innenfor skogvern er økt i forhold til 2016. (fra kapittel 3.1.4.3.1.1 i TB)

Rapportere på

Antall gjennomførte verneplanprosesser innenfor skogvern er økt i forhold til 2016.

I 2017 vart naturreservata Durmålhaugen, Hisdalen (utviding) og Åfarhaugen verna. Samla areal er ca. 3500 daa, og dette er ein stor auke frå 2016 då eitt naturreservat vart utvida.

3.1.1.11 Utslipp av helse- og miljøfarlige stoffer er redusert og forurensning skader i så liten grad som mulig helse og miljø

Vi har fokus på å prioritere ressursane der vi får mest miljøeffekt. I 2017 kontrollerte vi 120 verksemdar. Av desse var 36 brevtilsyn av kommunane innanfor deira myndighetsområde på forsøpling. Hausten 2017 hadde vi seminar for kommunane der mellom anna resultatane vart presentert. Vi meiner vi kan få mykje reduksjon i diffus spreiding av helse- og miljøfarlege stoff dersom kommunane får betre kontroll på forsøpling, ulovleg avfallsbrenning og grunnforureining.

Innan eige myndighetsområde vurderer vi skipsverftnæringa og akvakulturnæringa til å ha potensiale til å redusere utsleppa av helse- og miljøfarlege stoff ytterlegare. Mange skipsverft i Møre og Romsdal har eit stykke igjen før dei driv innanfor reglane i forureiningsforskrifta kap. 29. Måleprogram som er henta inn, i tråd med oppdrag 3.1.4.4.2, syner også dette. Vi kontrollerte 16 akvakulturanlegg i 2017. Anlegga har lite konkrete krav når det gjeld kjemikaliebruk, men det vart funne avvik innan substitusjonsplikt, risikovurdering av bruk av kobbarimpregnering og lagring av miljøskadelege kjemikalie.

Gebyrinntekter i 2017 vart på 2,2 MNOK. Dette er 300 000 kr mindre enn i 2016. Dette skyldast litt lågare aktivitet pga. sjukemelding og aktivitetar som ikkje er gebyrbelagt (eks. kommunetilsyn og arbeid med avfallsplanar i hamner). Ny gebyrrettleiar og fleire satsar gjorde også at vi tok mindre betalt for ein del tilsyn og arbeid med løyver enn i 2016. Vi deltok på alle nasjonale tilsynsaksjonar i 2017.

I 2017 har Fylkesmannen sørga for opprydding av 2,6 tonn farleg avfall som har vore på avvege heilt sida eit avfallsmottak vart lagt ned i 2003. Kostnadane for oppryddinga vart til slutt på 6 MNOK. Det vart funne 94 tonn meir farleg avfall enn berekna i forkant. Av dette var det 85 tonn som i hovudsak bestod av avfallsfraksjonar som ikkje var oppgitt av den nedlagte verksemda i forkant. Desse fraksjonane utgjorde ein kostnad på 2,3 MNOK. Fylkesmannen mistenker at dette avfallet kjem frå ei verksemd i nærleiken som fortsatt er i drift. Vi vil følgje opp denne verksemda i 2018, med bistand frå Miljødirektoratet.

Det er ikkje gitt pålegg om å utarbeide tiltaksplan for forureina sjøbotn ved prioriterte skipsverftslokaltetar i 2017, da vi måtte nytte 2017 til å komme i mål med pålegg om opprydding på land. Vi ser utfordringar i forhold til rettstryggleik for det enkelte verft når vi skal starte opprydding i sjø. Det er store områder som er ureina og må ryddast opp i ift. rettleiar om risiko, og ein må prioritere delar av områda der ein får mest mogleg effekt av pengane. Økonomisk styrke til kvar enkelt bedrift vil slik bli styrande for kva som kan ryddast opp, og ikkje utbreiinga av forureininga.

Pukkverk, skipsverft, galvanoinndustri (fra kapittel 3.1.4.4.1.1 i TB)

Rapportere på

Pukkverk, skipsverft, galvanoinndustri, forbrenningsanlegg og fiskeforedling driver i tråd med kravene i forureiningsforskriften.

Pukkverk: Vi har 64 registrerte aktive anlegg i Møre og Romsdal. Det har vore eit problem at både gamle og nye anlegg ikkje sender melding etter forureiningsforskrifta § 30-11. Vi kjenner ikkje til pukkverk som no ikkje er registrert. 24 av anlegga er i kontrollklasse/risikoklasse 3 og vi fører jamleg tilsyn med dei. Resterande anlegg får tilsyn ved klager eller liknande.

Skipsverft: Dei fleste store reparaasjonsverfta har no fått på plass ei eller anna form for reinsing. Alle slit framleis med å få på plass fornuftige måleprogram. Støy er eit generelt problem. Vi følgjer opp alle verft med avvik og med hyppige tilsyn fram til retting av avvik.

Galvano: Vi har 13 anlegg som driv kjemisk/elektrolytisk overflatehandsaming og varmforsinking i fylket. Alle som er omfatta av kap. 28 driv innanfor krava. Eit anlegg er omfatta av IED og vert følgt opp i forhold til dette. Vi har ei varmforsinking-verksemd som ikkje klarer konsesjonskravet for utslepp til luft.

Forbrenningsanlegg: Vi har 25 registrerte aktive anlegg i Møre og Romsdal. Verksemdene som er omfatta av kap. 27 har hatt tilsyn og driv etter forskrifta. Ein del anlegg nyttar brensel som ikkje er heilt reint og treng løyve etter forureiningslova. Vi har eit avfallsforbrenningsanlegg i fylket. Dette anlegget er omfatta av IED og blir følgt opp i forhold til dette.

Fiskeforedling: Vi har 56 fiskeforedlingsanlegg i fylket. Alle har hatt tilsyn og skal no drive innanfor krava. 7 av anlegga er omfatta av IED og vert følgt opp i forhold til dette.

Prioriterte skipsverft

Navn på prioriterte skipsverft	Undersøkelser	Behov for tiltak	Tiltaksplan land	Tiltak land	Tiltaksplan sjø	Tiltak sjø
Kristiansund Mekaniske AS	Varsel, Pålegg	Land, Sjø	Varsel, Pålegg	Varsel, Pålegg		
Umoe, Dale	Varsel, Pålegg	Land, Sjø	Varsel, Pålegg	Varsel, Pålegg		
Umoe, Melkvika	Varsel, Pålegg	Land, Sjø	Varsel, Pålegg	Varsel, Pålegg		
Vard Aukra	Varsel, Pålegg					
Bolsønes Verft	Varsel, Pålegg	Land, Sjø	Varsel, Pålegg			
Aas Mek	Varsel, Pålegg	Sjø	Varsel, Pålegg			
Vard Langsten	Varsel, Pålegg	Land, Sjø				
Solstrand	Varsel, Pålegg	Sjø	Varsel	Varsel		
Tomren (nedlagt)	Varsel, Pålegg	Land, Sjø	Varsel, Pålegg	Varsel, Pålegg		
Vard Brattvåg	Varsel, Pålegg	Land, Sjø	Varsel, Pålegg	Varsel, Pålegg		
Vard Søviknes	Varsel, Pålegg	Land, Sjø	Varsel, Pålegg	Varsel, Pålegg		
Liaaen Verft	Varsel, Pålegg	Land, Sjø	Varsel, Pålegg			Varsel
Vegsund Slip AS	Varsel, Pålegg	Land, Sjø	Varsel, Pålegg	Varsel, Pålegg		
Fiskerstrand	Varsel, Pålegg	Sjø				
Fyllingen Slipp AS	Varsel, Pålegg	Land, Sjø	Varsel, Pålegg	Varsel, Pålegg		
Hjørungavåg (OHI Eiendom)	Varsel, Pålegg	Land, Sjø	Varsel, Pålegg			
Ulstein Verft	Varsel, Pålegg	Land, Sjø	Varsel, Pålegg	Varsel, Pålegg		
Larsnes Mek	Varsel, Pålegg	Land, Sjø	Varsel, Pålegg	Varsel, Pålegg		

3.1.1.12 God økonomiforvaltning i kommunene

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har prioritert oppfølging av våre Robek-kommunar. Ei tett oppfølging og stram styring gir resultat. Vi meldte ut 6 kommunar i løpet av 2017. Det har vore gode år for kommunane dei siste åra, samstundes ser vi at særleg små kommunar har det stramt.

Vi er ofte ute i kommunane og held innlegg om god økonomistyring og forvaltning og korleis dei skal kome seg ut av Robek.

I tillegg har vi prioritert å ha samling for alle økonomisjefane i 2017 med god oppslutning.

Antallet kommuner i ROBEK (fra kapittel 3.1.5.1.1.1 i TB)

Rapportere på

Antallet kommuner i ROBEK ved utgangen av 2017 skal ikke overstige antallet ved utgangen av 2016.

Det er ein nedgang i antal kommuner på Robek frå 2016 til 2017.

Antall kommuner i ROBEK

Kommuner per desember 2016	Kommuner per desember 2017	Avvik
10	4	- 6

Feil i KOSTRA-rapporteringen reduseres vesentlig sammenliknet med 2016. (fra kapittel 3.1.5.1.2.1 i TB)

Rapportere på

Feil i KOSTRA-rapporteringen reduseres vesentlig sammenliknet med 2016.

Vi har fulgt tett opp Kostra-rapportering, men det ser likevel ikkje ut til at det har bedra seg så mykje.

Vi lager kvart år eit hefte om utviklinga i kommuneøkonomien i Møre og Romsdal, basert på Kostra-tala.

Kostra-rapportering er også kvart år tema på samlingane våre for økonomisjefane.

Kommunane er flinke til å ta kontakt med Fylkesmannen dersom dei har spørsmål angående rapportering i Kostra.

Vi følger også opp feilrapportering på e-post, med å sende ut purring til dei som har rapportert feil eller ikkje har rapportert.

Kvalitet i KOSTRA-data

Feil per juni 2016	Feil per juni 2017	Avvik
30	28	- 2

Vi har fulgt tett opp Kostra-rapportering, men det ser likevel ikkje ut til at det har bedra seg så mykje. Vi lager kvart år eit hefte om utviklinga i kommuneøkonomien i Møre og Romsdal, basert på Kostra-tala. Kostra-rapportering er også kvart år tema på samlingane våre for økonomisjefane. Kommunane er flinke til å ta kontakt med Fylkesmannen dersom dei har spørsmål angående rapportering i Kostra. Vi følger også opp feilrapportering på e-post, med å sende ut purring til dei som har rapportert feil eller ikkje har rapportert.

3.1.1.13 Økt verdiskaping i landbruket

Ny Landbruksmelding for Møre og Romsdal vart vedtatt i fylkestinget i juni 2017. Meldinga seier at vi skal ha eit aktivt og berekraftig landbruk over heile fylket, og at andelen av nasjonal produksjon skal som minimum oppretthaldast. Det regionale næringsprogrammet er forankra mot landbruksmeldinga og ser også mot Fylkesdelplan for kompetanse og verdiskaping. Fylkesmannen er partner i gründerutviklingsprogrammet Hoppid (saman med fylkeskommune og Innovasjon Norge), som tilbyr tenester også til «grøne» etablerarar.

Forvaltninga av UT midlar skjer i nært samarbeid med partnerskapen, og med samordning mot RK midlane som blir forvalta av fylkeskommunen. Dei viktigaste partnerane på operativt nivå er NLR, Tine, Nortura og Bondelaget. Fylkesmannen har tatt ei samordningsrolle, og bidratt til å utvikle samarbeidet mellom organisasjonane. Auka produksjon av Sau- og storfekjøt vart avslutta i 2017, men står som eit vellykka eksempel på breitt samarbeid med Nortura som prosjekteigar. Av andre viktige prosjekt i 2017 kan nemnast Tine sine vegvalprosjekt, og Mat- og reiselivsprosjektet.

Lokal foredling har tatt seg kraftig opp i 2017, og har blitt ei næring å rekne med. Etterspørselen etter fagleg og bedriftsstrategisk rådgjeving har aldri vore større enn no, og fleire aktørar har fått godt fotefeste i marknaden.

For Inn på tunet er status uendra. Det er vanskeleg for nye (og etablerte) å få avtalar som går lenge nok til at det er forsvarleg å investere. Fylkesmannen er aktiv som tilretteleggar og rådgjevar mot både tilbydar og kjøpar. Fylkesmannen følgjer også opp nye trendar som urbant landbruk, bynært landbruk og andelslandbruk.

I Møre og Romsdal er det fleire mindre sagbruk og bedrifter som foredlar trelast til limtre, royalbehandla kleddningsbord og laminat til møbelindustrien. Fylket har også foretak som satsar på takstol-, element-, dør-, trapp- og glasproduksjon. Forutsetningane for større verdiskaping i skog- og trenæringa er så absolutt til stades. Fylkesmannen samarbeider med fylkeskommune og Innovasjon Norge gjennom Tredivaren. Prosjektet har målretta satsing for å auke bruken av tre i offentlege bygg. Dette er kobla både mot totaløkonomien for byggherre, bruk av skogressursar, og klimagevinsten ved å erstatte betong med tre. «Auka bruk av tre i offentlege bygg» er ei satsing der 14 kommunar er med, saman med Sunnmøre regionråd og Ulstein nye kyrkje. Det har vore to samlingar i 2017. Det er eit stor spenn i prosjekta som er med, det er mellom anna skuler, barnehagar, fleirbrukshus, symjehall og brannstasjon. Målet er å auke etterspørsel etter bygg i tre, samt lokal innovasjon og næringsutvikling i leverandørleddet. Tredivaren er navet i nettverksarbeidet, og vi legg til rette for FoU samarbeid mellom lokale aktørar og NMBU, NTNU, Helseinnovasjonssenteret i Kristiansund og Innveno as.

Området vi slit mest med er økologisk jordbruk. Møre og Romsdal er ikkje prioritert område for samvirke og økologisk, og vi har heller ikkje status som føregangsfylke. Vi har heller ikkje registrert tiltak frå fylka som har slik status. Konsekvensen er at vi ikkje ser muligheiter for å fylle nasjonale ambisjonar på dette området.

Regionalt bygdeutviklingsprogram er fulgt (fra kapittel 3.1.6.1.1 i TB)

Rapportere på

Regionalt bygdeutviklingsprogram er fulgt opp i tråd med nasjonal politikk.

Regionalt bygdeutviklingsprogram er utarbeidd i nært samarbeid med den regionale partnerskapen og følgd opp gjennom året. Det er stor etterspurnad etter investeringsmidlar og midlar til utgreiings- og tilretteleggingsstiltak. Gjennom utgreiings- og tilretteleggingsmidla har vi støtta mange prosjekt som skal bidra til å støtte utviklinga av både tradisjonelt landbruk og landbruksstilknytt næringer. Eksempel på dette er støtte til Tine sine prosjekt om vegvalsrådgjeving og Nortura si satsing på auka sau- og storfekjøtproduksjon. Fylkesmannen samarbeider gjennom Hoppid for å høgde kompetansen og aktiviteten for m.a. Inn på tunet-bedrifter, lokalmatbedrifter og reiselivsbedrifter. Midla vert brukt aktivt for å utvikle samarbeidet mellom aktørane i landbruket.

Fylkesmannen har dette året lagt særleg vekt på auka verdiskaping frå skogbruket. Bruk av tre i offentlege bygg, og samarbeid for å løfte innovasjonsgrad og kompetanse i leverandørleddet har stått sentralt. Satsinga har gitt godt resultat, med 14 kommunar som aktive partnerar.

Fylkesmannen har hatt ansvaret for å koordinere prosessen med ny landbruksmelding. Ambisjonane i RBU (alle delprogramma) er ført vidare gjennom landbruksmeldinga, og definerar slik sett også ambisjonane for fylkeskommunen.

Tilfredsstillende foryngelse etter all hogst innen tre år etter hogst. (fra kapittel 3.1.6.1.2.1 i TB)

Rapportere på

Tilfredsstillende foryngelse etter all hogst innen tre år etter hogst.

Det er plukka ut 147 bestand til foryngelseskontroll i Møre og Romsdal i 2017. Kommunane har kontrollert 135 bestand, resterande har noko ulik status. Av dei kontrollerte felta har 85 fått status OK, medan 50 bestand står med OK, bør følges opp. Årsaka til at det er så vidt mange bestand som skal følgjast opp skuldast praksis med å vente tre vekstsesongar med planting etter hogst for å unngå skadar av gransnutebille.

Statistikken viser i hovudsak at kommunane gjennomfører kontrollen. Likevel er ein bekymra for vidare oppfølgingsarbeid, og eldre kontrollfelt som enno står med status - OK, bør følges opp.

Tilfredsstillende oppfølging av hovedplan for skogbruksplanlegging. (fra kapittel 3.1.6.1.2.2 i TB)

Rapportere på

Tilfredsstillende oppfølging av hovedplan for skogbruksplanlegging.

Mange kommuner har gjennomført skogbruksplanlegging med MiS-registreringar. Stranda, Norddal og Sykkylven fekk levert planer i 2017 og det er gjennomført kurs for skogeigarar. Det same gjeld Tingvoll kommune. Desse prosjekta vil bli avslutta i 2018. Aure og Halså kommunar fekk og levert planer på slutten av 2017. Her er det også gjennomført skogbruksplankurs for skogeigar.

Vestnes kommune etablerte skogbruksplanprosjekt i 2017 og er løyvd tilskotsmidlar.

Det er usikkert om ein klarer å følgje opp hovudplan for skogbruksplanlegging i fylket. Etter PEFC-skogstandard er det ikkje krav om kartfesting av nøkkelbiotoper i skogreisingsstrøk ved hogst av gran.

Revisjon av eldre MiS-registreringar vil bli aktuelt.

3.1.1.14 Bærekraftig landbruk

Regionalt miljøprogram er det viktigaste verktøyet for å styre landbruket i «rett» lei. Vi har lagt vekt på klimautfordringar knytt til landbruk, og fokusert på gjødsel og utslepp til luft. I løpet av nokre få år har ny innretning gitt varig endring av praksis. Meir av gjødsla blir spreidd i vekstsesongen, og krisesituasjonane på sein haust er omtrent borte. Tilskot til tidlegare spreieing blir gitt til rundt 25% av arealet. Vi har oppnådd å få fokus på formålet, og legitimiteten til miljøprogrammet har blitt langt større. Vi skal skrive nytt RMP i løpet av 2018, og vil heilt sikkert bygge på erfaringane som er gjort med tiltaka Tidleg spreieing og Bruk av tilførselslange.

Etterspørselen etter SMIL midlar er stor. Her er det gitt plass til både kulturlandskapstiltak, gjerdning og hydrotekniske tiltak. SMIL midlane skal sjåast komplementært til RMP midlane, og frå 2019 skal vi sikre tettare kopling i regelverket.

Fylkesmannen støttar prosjekt med stort klimapotensiale. Døme på dette er FoU prosjektet Peat Invert (omgraving), og prosjektet for å førebu handtering av store overskotsmasser frå samferdselsprosjekt. Vi har også gode resultat frå prosjektet Tredrivaren, som legg til rette for meir bruk av tre i offentlege bygg. Generelt har vi stort fokus på tiltak som direkte eller indirekte har positiv effekt på klimaet.

Ordningane Utvalde Kulturlandskap og Kulturlandskapet i verdsarvområdet er slått saman under ei forskrift – men for oss har dette ingen praktiske konsekvensar. Vi har i lang tid etterstreba eit likt regime for desse ordningane. I 2017 har vi jobba med nytt UKL område (Alnes), og å førebu mulig utviding av ordninga.

Ordninga med tilskot til drenering har ført til markert større aktivitet. På bakgrunn av at tilskotet neppe dekkjer meir enn 10 – 20 prosent av kostnadane er effekten av ordninga større enn vi hadde forventa. Vi brukar likevel ikkje heile ramma.

Økt planting med tilskudd (fra kapittel 3.1.6.2.1.1 i TB)

Rapportere på

Økt planting med tilskudd til tettare planting, og økt gjødsling, sammenliknet med 2015.

Det er planta 159 da meir i Møre og Romsdal i 2017 (3310 da) enn i 2015 (3151 da). Dette er ei svak auke i høve til at hogsten har auka så vidt mykje dei siste åra. Det er òg ein nedgang samanlikna med 2016. Ventetid med planting grunna gransnutebilla problematiserar dette noko, men plantearaet skulle likevel auka meir.

Bruk av tilskot til tettare planting var i 2017 på kr 695 000. Det er om lag 100 000 kr meir enn året før, og viser at ordninga her i fylket har ønska effekt. Det er i gjennomsnitt sett ned 17 fleire planter pr. da etter at ordninga blei innført.

Tiltak i regionalt miljøprogram (fra kapittel 3.1.6.2.2.1 i TB)

Rapportere på

Tiltak i regionalt miljøprogram er innrettet mot de regionale miljøutfordringene.

Tiltaka i miljøprogrammet er forankra i hovudområda:

- tiltak for å ivareta kulturlandskapet
- tiltak for å redusere forureiningar

Fram til 2012 vart om lag 93 % av løyvingane brukte til kulturlandskapstiltak, og 7 % til tiltak for å redusere forureiningar.

Frå 2013 vart tiltaka meir retta mot å stimulere til redusert forureining. Tilskot til spreieing av husdyrgjødsel i vår-/vekstsesongen er viktige tiltak i eit klimaperspektiv. Dei har bidratt til reduserte utslepp til luft, avrenninga til vatn og vassdrag, og gitt betre utnytting av husdyrgjødsla i heile fylket, og ført til betre agronomisk praksis blant mange bønder og auka legitimitet i næringa og lokalmiljøa. Bruk av tilførselsslangar har i tillegg gitt mindre luktplager i nabolaget, mindre jordpakking, færre køyreskader og større kapasitet til å få ut gjødsla til rett tid. Evaluering av tiltaka har vist at dette er dei beste tiltaka i miljøprogrammet vårt. Dei treffer viktige miljøutfordringar og bidreg til meir miljørett praksis.

Spreieing i vår-/vekstsesongen auka frå 108.000 dekar i starten til 145.000 dekar i 2017. Bruk av tilførselsslangar har auka frå omlag 8.000 til over 23.000 dekar i 2017.

I 2017 er bruken av regionale miljøtilskot fordelt på miljøtema slik:

- 38 % Kulturlandskap
- 47 % Utslepp til luft
- 10 % Kulturmiljø og kulturminne
- 5 % Biologisk mangfald

Kulturlandskap

- Slått av lokalt verdifulle jordbrukslandskap
- Beite av lokalt verdifulle jordbrukslandskap
- Skjøtsel av bratt areal
- Drift av beitelag

Biologisk mangfold

- Skjøtsel av slåttemark

- Skjøtsel av kystlynghei
- Tilrettelegging av fuglebiotoper

Kulturmiljøer og kulturminner

- Drift av enkeltseter med melkeproduksjon
- Drift av felleseter med melkeproduksjon
- Drift av enkeltseter med foredling
- Drift av felleseter med foredling
- Skjøtsel av gravminne

Utslipp til luft

- Spredning vår/vekstsosong
- Bruk av tilførselsslanger

Revisjon av miljøprogram

Vi har dialog med partnerskapet og Landbruksdirektoratet om revisjonen av miljøprogrammet, gitt innspel til Landbruksdirektoratet, og har delteke på landsamling direktoratet arrangerte om ny nasjonal forskrift hausten 2017.

NIBIO har nyleg gjennomført kartlegging av erosjonsrisiko i Sunndal kommune, og skal halde fram i Surnadal. Dette gjev oss grunnlag for å gjeninnføre erosjonsforebyggjande miljøtiltak i desse kommunane. Der er ein del korndyrking, og viktige vassdrag.

Vi samarbeider med Miljøvernavinga om tiltaka i temaet Biologisk mangfold; Skjøtsel av slåttemark, Skjøtsel av kystlynghei og Tilrettelegging av fuglebiotoper.

Tilrettelegging av fuglebiotoper er diverre lite brukt, sjølv om vi ofte har skrive om tiltaket og snakka om det frå begge avdelingane.

3.1.1.15 Andre oppdrag

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har sidan 2012 hatt satsing på barn og unge i vårt arbeid som vi har kalla *Betre oppvekst*. Vår visjon er at alle tilsette skal vurder barn og unge sine oppvekstvilkår i vår aktivitet. Fylkesmannen skal arbeid for å sikre barn og unge sin medverknad, betre det psykososiale og fysiske oppvekstmiljøet og motarbeide negative konsekvensar av sosiale skilnader. 0-24 satsinga går inn som ein del av arbeidet i *Betre oppvekst*. I Møre og Romsdal har vi satsa mykje på å tenke ei universell tilnærming til prioritering av barn og unge, med trygg støtte i forskning som seier at løfter ein alle barn og unge vil det ha ein god effekt på sårbare grupper .

I 2017, som dei siste tre åra, har utlysing av tilskot til prosjektskjønn vore knytt til område innan *Betre oppvekst*. Vi satsa på to tema: mobbing og krenkande åtferd og bustadosialt arbeid for barnefamiljar. Val av innsatsområde var mellom anna bygd på ei kartlegging Fylkesmannen gjorde i 2016 saman med fylkeskommunen av oppvekstvilkår for barn og unge i Møre og Romsdal. Undersøkinga var designa etter mal frå *Sjumilssteget* i Troms og vart kalla *BarneByks*.

BarneByks er og brukt i samband med uttale til kommuneplanen sin samfunnsdel og planstrategiar som Fylkesmannen har fått til høyring. Innanfor det planfaglege har vi lagt stor vekt på barn og unge sin medverknad i møte med kommunar. Både i plannettverk og i plankonferansar har dette vore hovudtema. Fylkesmannen har og laga ein eigen leikeplassnorm til kommunane i utbyggingssaker for å sikre at barn og unge sitt behov for gode leike- og uteareal ikkje blir sett til side av andre interesser.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har ein representant i det nasjonale nettverket for barnekonvensjonen i praksis, saman med Troms, Hedemark, Sogn og Fjordane, Østfold og Oslo Akerhus. Fylkesmannen har tatt del i nettverksamling for barnekonvensjonen og utvidar stadig områder der barnekonvensjonen blir tatt i bruk i malar og saksbehandling.

Barneperspektivet og Barnekonvensjonen vert også aktivt brukt i opplæringsaktivitet vi har med kommunane, som saksbehandlarkurs, lovopplæring, leiarmøter og liknande.

Fylkesmannen har hatt *Betre oppvekst* som eit av tre overordna satsingsområder i strategiplan 2012-2016. Ved utarbeiding av ny strategiplan for perioden 2017-2020 vart dette vidareført.

Fylkesmannen bidrar i det tverrsektorielle samarbeidsprosjektet Forsøk med NAV-rettileiar i vidaregåande skole. Fra 01.01.16 har to NAV-rettileiar hatt arbeidssted ved Borgund vgs. Det har vore stort engasjement og godt samarbeid mellom NAV og skole på alle nivå og mellom nivåa. Modellen som er utvikla ved skolen meiner vi er ein god mal for overføring til andre skolar i fylket som evt. skal ha NAV-rettileiar i framtida. Fylkesmannen og resten av styringsgruppa for skole vurderer arbeidet med NAV-rettileiar i vidaregåande som vellukka og opplever ikkje at vi har møtt på særlege utfordringa. Alle har vore positive og ivrige. NAV-rettileiarane i vidaregåande skole har vært etterlengta både fra NAV og skolen.

Prosjektet har vore delaktig i at det er etablert NAV-rettileiar i Molde, Kristiansund og Ørsta. I desember 2018 arrangert prosjektet ein erfaringskonferanse for NAV-tilsette og tilsette i skolane som no er i gang med oppstart.

3.1.2 Statlig virksomhet på regionalt nivå skal være godt samordnet og legge til rette for gode helhetsløsninger

3.1.2.1 Den offentlige boligsosiale innsatsen skal være helhetlig og effektiv

Embetet har samarbeidsavtale med Husbanken Midt-Norge for perioden 2015-2017 (det er underskrive ny avtale for 2018-2020). Avtalen er forankra i embetsleiinga og det er årleg møte mellom leiinga i embetet og leiinga i Husbanken. Som del av denne avtalen blir det kvart år utarbeidd ei felles handlingsplan.

I planstrategiar og samfunnsplanar vi har hatt til høyring, har vi vist til strategien Bustad for velferd og www.veiviseren.no. Vi meiner at det styrkar fokuset på bustad i kommunane sitt planarbeid og planverk.

I 2017 arrangerte vi i samarbeid med fylkeskommunen fagdagar for egne tilsette om universell utforming. Fagdagen gav alle deltakarane ei sterk påminning om betydninga av universell utforming.

Landsomfattende tilsyn med tenester til ROP-pasienter som vi starta opp i 2017, har mellom anna fokus på betydninga av bustad for denne utsette gruppa. Det går tydeleg fram at samarbeid og samhandling om tenester er naudsynt for at personar i denne gruppa skal kunne ha ein tilfredsstillande busituasjon. Dette gjev læring for dei kommunane som har tilsyn.

Bustad er elles tema i mange av dei aktivitetane vi har i løpet av året. Vi kan nemne sosialtenesteopplæringa for nye i NAV, fagdagar med øvrige tilsette i NAV og faste møter med NAV-leiarane.

Fylkesmannen skal integrere det boligsosiale (fra kapittel 3.2.1.1.1 i TB)

Rapportere på

Fylkesmannen skal integrere det boligsosiale arbeidet i etablerte fora og læringsarenaer, og ha gjennomført minimum to kompetansehevede tiltak for kommunene i fylket om boligsosialt arbeid.

Gjennom strategien Bustad for velferd, og som ein del av samarbeidsavtalen mellom embetet vårt og Husbanken Region Midt-Norge, har vi vært med å arrangere/delteke på to nettverkssamlingar "Betre bo og levekår" og "Sårbare overgangar". Vi har gjennom dette bidratt til at fire kommunar frå Møre og Romsdal som deltok på disse samlingane delte sine erfaringer i det bustadsosiale arbeidet.

Vi har prioritert bustad i forvaltninga av tilskot, og 3 kommunar i fylket har fått midlar til prosjekt knytt til Housing First.

I Møre og Romsdal hadde to kommunar boligsosialt tilskot i 2017. Ei av disse, Sula kommune, hadde innlegg om deira boligsosiale prosjekt på NAV-leiarsamling i juni.

Bustad er og tema på sivilopplæringa for nye i NAV, der vi både fokuserer på betydninga av å bo for å kunne ha arbeidsretta fokus, betydninga bustaden har for barn og unges oppvekst og integrering. Vi løftar og fram strategien Bustad for velferd, visar til Husbanken si heimeside og www.veiviseren.no

Fylkesmannens bidrag til at det boligsosiale arbeidet i kommunene er kunnskapsbasert

Resultatmål	Differanse	Grunnlagstall 1
2	2	4

Vi har deltatt i to regionale, tverretallege arbeidsgrupper: "Sårbare overgangar" og "Betre bu- og levekår for utsette barnefamiljar". I den samanhengen har vi saman med mellom anna Husbanken Midt-Norge, arrangert to nettverkssamlingar som ein del av strategien Bustad for velferd. Fire kommunar frå fylket deltok. Ein kommune som fekk boligsosialt tilskot har delt sine erfaringar på samling der alle kommunar i fylket var representert. Bustadsosialt arbeid har vore tema på fleire av våre faste møter med NAV-leiarar i fylket.

3.1.2.2 Helhetlig og samordnet arbeid med samfunnsikkerhet og beredskap i fylket

Det årlege møtet i FBR vart gjennomført i april 2017. Hovudtema for møtet var sivilmilitært samarbeid, og NATO øvingane i 2017 og 2018. Møtet er ein god arena for å bli kjent med medlemmane sine roller, oppgåver og utfordringar, og er gir eit viktig bidrag til å utvikle samvirke mellom aktørane både i kvardagen og i krise. Vi har ein låg terskel for å nytte vårt FBR i hendingar, og det vart nytta under hendingane av Veslemannen også hausten 2017. Tilbakemeldingane frå medlemmane er at desse møta er nyttige, og bidreg til eit godt samvirke mellom aktørane.

Vi arrangerte det årlege sivilmilitære kontaktmøtet for aktørane i Møre og Romsdal, Sør og Nord Trøndelag, med god deltaking både frå forsvaret og frå dei sivile aktørane i totalforsvaret. Tema vart prega av sivil/militært samarbeid og NATO øvingane i 2017 og 2018.

Fylkesmannen skal evaluere alle hendelser (fra kapittel 3.2.1.2.1 i TB)

Rapportere på

Fylkesmannen skal evaluere alle hendelser av regional betydning, og sende evalueringsrapportene til DSB innen tre måneder etter hendelsen.

Vi har i 2017 hatt ein ny runde med handtering av høg fare for fjellskred frå Veslemannen i Romsdalen. Det vart forsøkt å framskande eit skred frå det ustabile området ved hjelp av tilførsel av vatn i perioden med auka rørsle, men heller ikkje i år kom det eit større skred. Vi har hatt eit godt samvirke med aktørane i krisehandteringa, gjennom bruk av telefonmøte i Fylkesberedskapsrådet.

I etterkant av at fjellet stabiliserte seg igjen, gjennomførte vi eit evalueringsmøte med aktørane, og møtereferat frå dette møtet med oppfølgingspunkt er sendt til alle, med kopi til DSB. Det vart i etterkant av evalueringsmøtet gjennomført eit folkemøte med innbyggjarane i Rauma, der alle hovudaktørane var tilstades.

Fylkesmannen skal evaluere eller (fra kapittel 3.2.1.2.1.2 i TB)

Rapportere på

Fylkesmannen skal evaluere eller delta i evalueringen av alle regionale øvelser hvor fylkesmannen har deltatt og fylkesmannens embetsøvelser, og sende evalueringsrapportene til DSB innen tre måneder etter øvelsen.

Fylkesmannen arrangerte hausten 2017 "Øving Fårikål" der alle kommunane i Møre og Romsdal vart invitert til å delta. 32 av 36 kommunar deltok i øvinga. I etterkant har Fylkesmannen laga ein evalueringsrapport basert på læringspunkta frå kommunane. Rapporten er sendt til kommunane som deltok med kopi til DSB.

Fylkesmannen deltok i Trident Javellin 2017, og øvde ein dag saman med vårt Fylkesberedskapsråd. Evalueringa frå denne øvinga vil ferdigstillast etter vårt møte med Fylkesberedskapsrådet den 09. mars 2018.

3.1.2.3 Tilsyn skal være samordnet, målrettet og medvirke til læring og forbedring

Fylkesmannen har i 2017 sett samordning av tilsyn i system. Det er organisert med at ein koordinator leiar samordning av tilsyn. Ei tilsynsgruppe er oppretta for å støtte opp omkring tilsynsaktivitetane i embetet, og gruppa har som mål å samordne tilsyna internt og lære av kvarandre. Det er også oppretta eit tilsynsforum saman med sentrale statlege tilsynsverksemder. Tilsynsforumet skal være ein arena for samordning av statlege tilsyn i kommunane og bidra til læring og forbetring. Tilsynskalenderen er i kontinuerleg utvikling og forbetring til nytte for både kommunane og tilsynsverksemdene.

Alle tilsyn på Helsetilsynets områder (fra kapittel 3.2.1.3.1.1 i TB)

Rapportere på

Alle tilsyn på Helsetilsynets områder hvor det er funnet brudd på lov- og forskriftskrav er avsluttet (dvs. praksis er endret) innen en avtalt frist.

Pasient og brukerrettighetslova kapittel 4A. Det vart gjennomført to umeldte tilsyn på området og avvik er retta opp. I tillegg vart det gjennomført to systemrevisjonar på samme område og avvik i det eine tilsynet er emno ikkje retta. Fylkesmannen er i dialog med kommunen. Manglande kunnskap er avdekt og Fylkesmannen vil halde kurs for kommunen i januar 2018.

Sosialtjenestelova. Vi gjennomførte ein systemrevisjon med tema økonomisk stønad i 2017. Dette etter mange klagesaker og hendingar. På grunn av omfattande avvik og skifte av NAV-leiar har kommunen trengt lengre tid til å arbeide med å få tenesta lovleg. Vi har nettopp motteke slutt rapport som skal vurderast. Ein systemrevisjon mot eit anna NAV-kontor, som var gjennomført i 2016, vart avslutta i 2017.

ROP tilsyn det er gjennomført to tilsyn med kommunale tjenester til personer med samtidig rusmiddelproblem og psykisk lidelse (LOT). I begge tilsyna vart det avdekt lovbrudd. Ein kommune er fortsatt under oppfølging. Tilsyna omfatta både helse- og omsorg og sosiale tenester i arbeids- og velferdsforvaltninga.

Det er i tillegg gjennomført to ROP- tilsyn med spesialisthelsetenesta, DPS poliklinikk. Begge tilsyna avdekte lovbrudd som er under oppfølging.

Helse- og omsorgstenestelova. Det vart gjennomført ein systemrevisjon med helse- og omsorgstenester til vaksne personar med utviklingshemming (LOT 2016). Det vart avdekt avvik som endå ikkje er retta. Fylkesmannen planlegg saman med kommunen og spesialisert habilitering tett oppfølging i 2018. Som oppfølging av dette tilsynet, samt tilsyna i 2016, har Fylkesmannen arrangert to fagdagar.

I tillegg vart det gjennomført ein systemrevisjon med helse- og omsorgstenester til barn i avlastningsbustadar. I tilsynet vart det avdekt avvik. Endeleg rapport blir sendt ut i februar 2018.

3.1.2.4 Klimahensyn skal ivaretas i alle sektorer

Klima- og energiplanlegging inngår som eit viktig tema og fast sjekkpunkt i den kommunale plansaksbehandlinga. Søkelyset er her retta både mot reduksjon av klimagassutslepp, ofte sett i samband med krav til samordna bustad-, areal- og transportplanlegging – og klimatilpassing, gjerne med kopling til *samfunnstryggleik og risiko- og sårbarhetsanalyser*. Nasjonale rammer og føringar på klimaområdet med vekt på tverrfaglege og tverrsektorielle tilnæringer, og med direkte referanse til statlege planretningslinjer, blir her formidla.

Fylkesmannen er og ein viktig aktør i arbeidet med den regionale delplanen for klima og energi. Her er det sett mål om ein reduksjon i utsleppet av klimagassar på 10 prosent innan 2020. Dei årlege handlingsprogramma til planen viser gjennom tiltak korleis ein skal nå måla om reduksjon.

Hatt dialog med alle kommuner i fylket (fra kapittel 3.2.1.4.1.1 i TB)

Rapportere på

Hatt dialog med alle kommuner i fylket og formidlet forventningar til klima- og energiplanleggingen.

Klimaomsyn og innspel i høve statlege planretningslinjer for bustad, areal, og transportplanlegging blir formidla i plansakene. Vi har fått på plass nye og forbetra sjekklister for gjennomgang av kommunale planar når det gjeld areal- og transportplanlegging.

Når det gjeld oppfølging av kommunane har vi ikkje gjort særkilde tiltak for å stimulere til rullering av klima- og energiplanane i fylket i 2017. Det vart arrangert plankonferanse i 2017, med fokus på kystsoneforvaltning. Det kan bli aktuelt med ein meir tradisjonell plankonferanse i 2018, og i tilfelle vil klima- og energiplanlegging og bli eit tema.

FM har hatt dialog med alle (fra kapittel 3.2.1.4.2.1 i TB)

Rapportere på

FM har hatt dialog med alle kommuner og formidlet relevant kunnskap og informasjon, samt fulgt opp kommunene for å iverksette nasjonale føringar for tilpassing til klimaendringar.

Vi har sterkt fokus på klimatilpassing i våre fråsegner til kommuneplanens areal og reguleringsplanar. Det er relativt mange motsegner til dette temaet. Klimaprofil for Møre og Romsdal er gjort kjent for kommunane.

3.1.2.5 Fylkesmannen understøtter nasjonale myndigheters og kommunenes arbeid med flyktningssituasjonen

Fylkesmannen i Møre og Romsdal oppretta eigen stillingsressurs knytt til området i 2016. Denne fortsette også i 2017 i ein mindre stillingsbrøk. Dette har vore eit viktig tiltak for å støtte opp om nasjonale myndigheiter med koordinering og informasjonsspreiing i samband med kommunane sitt arbeid med busetting av

flyktingar.

Embetet har delteke i samarbeidsmøte med sentrale aktørar som IMDI, UDI, RVTS og Bufetat. Det er god kommunikasjon rundt utfordringane knytt til området.

Fylkesmannen er representert i ulike kommunale fagnettverk for området. Dette oppleves viktig for å fange opp utfordringar kring busetting og integrering og i neste omgang iverksette tiltak.

Fylkesmannen har oppretta ei eiga ressursgruppe der representantar frå ulike fageiningar deltek. Her blir fagleiarane og embetsleiinga orientert og oppdatert på status og utfordringar på opplæringsområdet mellom anna helse og verjemål.

Med grunnlag i kommunane sitt uttalte behov vart det i 2017 arrangert ein erfaringskonferanse med mål å spreie gode døme på vellukka integreringsarbeid. Sentrale aktørar her var kommunane, Fylkeskommunen og IMDI. Fylkesmannen medverka i tillegg i fagsamlingar med tema æresrelatert vald og hjelparrollen. Dette i samarbeid med RVTS og IMDI. Det har og i fagsamanheng vore stort fokus på flyktingar som vanskelegstilte på bustadmarknaden der strategien Bustad for velferd er lagt til grunn. I tillegg er det gjennomført fagsamlingar for skuleverket mellom anna for å betre overgangane frå grunnskule over til den vidaregåande skulen.

Tal frå IMDi viser at det vart busett 700 flyktingar i kommunane i Møre og Romsdal i 2017. IMDi har uttrykt ovanfor Fylkesmannen å vere godt nøgd med kommunane sin innsats på området.

Andel flyktinger bosatt innen (fra kapittel 3.2.1.5.1.1 i TB)

Rapportere på

Andel flyktinger bosatt innen 6 måneder etter at vedtak som danner grunnlag for bosetting eller reisetillatelse er gitt: 90 % Resterende andel skal være bosatt innen 12 måneder.

-75% av alle flyktingar busett innan 6 mnd (mot 81% i 2016 og 51% i 2015) og 98% busatt innan 12 mnd (mot 95% i 2016 og 78% i 2015).

Andel enslige mindreårige bosatt (fra kapittel 3.2.1.5.1.2 i TB)

Rapportere på

Andel enslige mindreårige bosatt innen 3 måneder etter at vedtak som danner grunnlag for bosetting eller reisetillatelse er gitt: 80 %.

-51% av alle einslege mindreårige busett innan 3 månader (mot 43% i 2016 og 24% i 2015)

3.1.2.6 Andre oppdrag

Vi ser ikkje at det er noko å rapportere her.

3.1.3 Rettssikkerhet skal være ivaretatt på en enhetlig måte i fylket og på tvers av embetene

3.1.3.1 Høy kvalitet i veiledning, kontroll, tilsyn og klagebehandling

Justis- og beredskapsavdelinga:

Vi har i 2017 hatt fokus på å redusere saksbehandlingstida på klagesaker etter plan- og bygningslova. Dette har vi i stor grad lukkast med. På grunn av fokus på saksbehandling har vi hatt mindre tid til rettleiing av kommunane og utadretta verksemd generelt. Dette er noko vi vil prioritere meir i 2018.

Minimum 2 tilsyn per år. (fra kapittel 3.3.1.1.1 i TB)

Rapportere på

Minimum 2 tilsyn per år.

2 tilsyn med kommunane sitt arbeid med introduksjonslova blei varsla i 2017. Førebels rapport for det eine tilsynet vart sendt ut i 2017, og for det andre i januar 2018. Resultatmålet er dermed berre delvis oppfylt.

Det enkelte embetets omfang (fra kapittel 3.3.1.1.2.1 i TB)

Rapportere på

Det enkelte embetets omfang av tilsyn skal opprettholdes på samme nivå som i 2016, jf. retningslinjer og aktivitetskrav i VØI.

Etter aktivitetskravet i VØI skulle det gjennomførast tilsyn tilsvarende 52 poeng etter poengsystemet for tilsyn på barnehage- og skuleområdet, med 36 poeng etter opplæringslova og 16 poeng etter barnehagelova.

Det er gjennomført tilsyn tilsvarende 16 poeng etter barnehagelova og 34 poeng etter opplæringslova, altså 50 poeng.

Grunnen til at 2 poeng manglar på skuleområdet er at vil har prioritert å følgje opp 2 ulike PP-tenester p.g.a. for lang sakbehandlingstid. oppfølginga har bestått i "tilsynslignande" aktivitetar, men ikkje heilt etter metodehandboka. Aktiviteten har gitt ønska effekt, utan at pålegg er gitt.

Barnehageeiers, barnehagemyndighets og skoleeiers (fra kapittel 3.3.1.1.3.1 i TB)

Rapportere på

Barnehageeiers, barnehagemyndighets og skoleeiers tilfredshet med fylkesmannens tilsyn skal ligge på minimum samme nivå som landsgjennomsnittet for 2016, jf. «Spørsmål til Skole-Norge våren 2016» og «Spørsmål til Barnehage-Norge høsten 2016».

På barnehageområdet var gjennomsnittscore for landet i 2017 på 3,52. Møre og Romsdal sitt score var på 3,52- altså likt snittet. 21 av 36 kommunar har svart. Resultatmålet er oppfylt for barnehageområdet.

For skoleområdet finst ikke tilsvarende tal på detaljnivå i rapporten - berre gjennomsnittstal for om fylkesmannen blir opplevd som viktig medspelar, og samla vurdering av fylkesmannen sine verkemiddel. Det er svar berre frå 7 av 36 kommunar her, så scora seier har liten verdi.

Barnehageeiers, barnehagemyndighets og skoleeiers tilfredshet (fra kapittel 3.3.1.1.4.1 i TB)

Rapportere på

Barnehageeiers, barnehagemyndighets og skoleeiers tilfredshet med fylkesmannens klagesaksbehandling skal ligge på minimum samme nivå som landsgjennomsnittet for 2016, «Spørsmål til Skole-Norge våren 2016» og «Spørsmål til Barnehage-Norge høsten 2016».

På barnehageområdet var gjennomsnittscore for landet i 2017 på 3,35. Møre og Romsdal sitt score var på 3,19 - altså under snittet. 21 av 36 kommunar har svart. Resultatmålet er ikkje oppfylt for barnehageområdet.

For skoleområdet finst ikke tilsvarende tal på detaljnivå i rapporten - berre gjennomsnittstal for om fylkesmannen blir opplevd som viktig medspelar, og samla vurdering av fylkesmannen sine verkemiddel. Det er svar berre frå 7 av 36 kommunar her, så scora seier har liten verdi.

Barnehageeiers, barnehagemyndighets og skoleeiers (fra kapittel 3.3.1.1.5.1 i TB)

Rapportere på

Barnehageeiers, barnehagemyndighets og skoleeiers tilfredshet med fylkesmannens veiledning om regelverket skal ligge på minimum samme nivå som landsgjennomsnittet for 2016, jf. «Spørsmål til Skole-Norge våren 2016» og «Spørsmål til Barnehage-Norge høsten 2016».

På barnehageområdet var gjennomsnittscore for landet i 2017 på 3,77. Møre og Romsdal sitt score var på 3,57 - altså litt under snittet. 17 av 36 kommunar har svart. Resultatmålet er ikkje oppfylt for barnehageområdet.

For skoleområdet finst ikke tilsvarende tal på detaljnivå i rapporten - berre gjennomsnittstal for om fylkesmannen blir opplevd som viktig medspelar, og samla vurdering av fylkesmannen sine verkemiddel. Det er svar berre frå 7 av 36 kommunar her, så scora har liten verdi.

Alle klagesaker er behandlet innen (fra kapittel 3.3.1.1.6.1 i TB)

Rapportere på

Alle klagesaker er behandlet innen 12 uker, jf. § 7-1 bokstav d, i byggesaksforskriften

Vi har i 2017 ikkje greidd resultatmålet om at 100% av klagesakene skal vere behandla innan 12 veker. Totalt har vi behandla 178 byggesaker i denne perioden, der 144 vart behandla innanfor fristen. Måloppnåinga er såleis på om lag 80 %. Vi har likevel hatt ei klar forbetring av saksbehandlingstida samanlikna med tidlegare år. Vi har også redusert saksbehandlingstida gjennom dette året, slik at for andre halvår i 2017 var over 90 % av sakene behandla innanfor fristen. Av dei sakene som har hatt ei saksbehandlingstid på over 12 veker, har gjennomsnittleg fristoverskriding vore på 11 dagar.

Saksbehandlingstid i antall uker for klager over kommunens vedtak i byggesaker etter plan- og bygningsloven

Resultatmål	Differanse	Oppnådd andel av totalt antall behandlede saker	Totalt antall behandlede saker	Antall behandlede saker innen 12 uker
100 %	- 19 %	81 %	178	144

Alle klagesaker der det er gitt (fra kapittel 3.3.1.1.6.2 i TB)

Rapportere på

Alle klagesaker der det er gitt utsatt iverksetting etter forvaltningsloven § 42, er behandlet innen 6 uker, jf. § 7-1 bokstav e, i byggesaksforskriften

Vi har i 2017 hatt 8 byggesaker der det har vore gitt utsatt iverksetting. Av desse har 6 blitt behandla innanfor fristen på 6 veker. 2 saker er ekspedert på fristdato. Det ser ut til at SYSAM har registrert disse som utenfor frist.

BOBY - Saksbehandlingstid for klagesaker der det er gitt utsatt iverksetting etter forvaltningsloven § 42

Resultatmål	Differanse	Oppnådd andel av totalt antall behandlede saker	Totalt antall behandlede saker	Antall behandlede saker innen 6 uker
100 %	- 50 %	50 %	8	4

2 saker er ekspedert på fristdato. Det ser ut til at SYSAM har registrert disse som utenfor frist.

Alle klagesaker er behandlet innen (fra kapittel 3.3.1.1.7.1 i TB)

Rapportere på

Alle klagesaker er behandlet innen 12 uker

Vi har i 2017 ikkje greidd resultatmålet om at 100% av klagesakene skal vere behandla innan 12 veker. Totalt har vi behandla 34 plansaker i denne perioden, der 30 vart behandla innanfor fristen. Måloppnåinga er såleis på 88 %. Vi har likevel hatt ei klar forbetring av saksbehandlingstida samanlikna med tidlegare år. Av dei sakene som har hatt ei saksbehandlingstid på over 12 veker, har gjennomsnittleg fristoverskriding vore på 24 dagar.

Saksbehandlingstid i antall uker for klager over kommunens vedtak i klager over reguleringsplan

Resultatmål	Differanse	Oppnådd andel av totalt antall behandlede saker	Totalt antall behandlede saker	Antall behandlede saker innen 12 uker
100 %	- 12 %	88 %	34	30

Alle ekspropriasjonssaker i førsteinstans (fra kapittel 3.3.1.1.8.1 i TB)

Rapportere på

Alle ekspropriasjonssaker i førsteinstans på plan- og bygningsrettens område er behandlet innen 12 uker

Vi har ikkje hatt nokon saker om oreigning til behandling som førsteinstans i 2017.

Saksbehandlingstid i antall uker for ekspropriasjonssaker på plan- og bygningsrettens område

Resultatmål	Differanse	Oppnådd andel av totalt antall behandlede saker	Totalt antall behandlede saker	Antall behandlede saker innen 12 uker
100 %	- 100 %		0	0

Alle ekspropriasjonssaker som klageinstans (fra kapittel 3.3.1.1.8.2 i TB)

Rapportere på

Alle ekspropriasjonssaker som klageinstans på plan- og bygningsrettens område er behandlet innen 12 uker

Vi har i 2017 behandla ein klagesak på oreigning etter plan- og bygningsloven. Denne klagesaka vart ikkje behandla innan fristen på 12 veker. Fristoverskridinga var likevel berre på ein dag.

Saksbehandlingstid i antall uker for ekspropriasjonssaker (klageinstans) på plan- og bygningsrettens område

Resultatmål	Differanse	Oppnådd andel av totalt antall behandlede saker	Totalt antall behandlede saker	Antall behandlede saker innen 12 uker
100 %	- 100 %	0 %	1	0

3.1.3.2 Effektiv og korrekt lov- og tilskuddsforvaltning

For å oppnå ei effektiv lov- og tilskottsforvaltning har Fylkesmannen gjennomført 20 prosent risikobasert forvaltningskontroll med kommunane i samsvar med kontrollplan. Vi har stort fokus på risikobasert kontroll.

Det gjennomført kurs og samlingar for kommunane både på tilskotssida og særlovsområdet. Vi legg stor vekt på veiledning også i den daglege kontakten med kommunane.

I den løpande sakshandsaminga kvalitetssikrar juristen på avdelinga at vedtak i klagesaker blir fatta i tråd med forvaltningslova. Vi er elles bevisst på grensegongen mellom effektivitet i forvaltninga og rettstryggleik for den enkelte.

Gjennomført kontroll av foretak (fra kapittel 3.3.1.2.1.1 i TB)

Rapportere på

Gjennomført kontroll av foretak i henhold til kontrollplan.

I 2017 blei ordninga tilskot til landbruksvikar for avløyrlag prioritert for kontroll av foretak i kontrollplanen. Kontroll av eitt foretak vart gjennomført som planlagt.

Elles har vi avslutta to saker under ordninga veterinære reiser, kor begge sakene resulterte i politianmeldelse for grovt bedrageri. Også desse to sakene vart fulgt opp i tråd med kontrollplanen.

Utover dette var det ikkje ført opp foretakskontrollar for 2017 i kontrollplan.

Fylkesmannen har ikkje handsama saker i 2017 med mistanke om økonomiske misligheter, men har ei mistanke om driftsfellekap under ordninga husdyrkonsesjon/produksjonstilskot som eventuelt blir ført opp i kontrollplana for 2018.

Under ordninga veterinære reiser er det delvis gjort ein risikobasert kontroll av søknader, ved at veterinærer med høge tilskotsbeløp vert trekt ut til kontroll.

Under ordninga tidlegpensjon er det gjort eit risikobasert utplukk av mottakarar som har hatt registrert næringsinntekt frå jordbruk eller skogbruk i 2015, og mottakarar som har hatt registrert inntekt frå folketrygd/AFP høgare enn 50 000 kr.

Kontroll av foretak og oppfølging av avvik

Foretak	Ordninger / omfang	Registrerte avvik	Oppfølging av avvik
Foretak A	Tilskot til landbruksvikar for avløysarlag	0	

Kontroll av foretak - husdyrkonsesjon

Betegnelse på rapporteringskrav	Svar
Er kontroll av foretak på husdyrkonsesjonsområdet gjennomført i samsvar med Ldirs RS 2016-17?	Ja
Tal kontrolltiltak av foretak der det er innhentet opplysninger utover det som er tilgjengelig i egne systemer	0
Tal kontrolltiltak av foretak som er fulgt opp etter kontroller i 2016	4
Tal kontrolltiltak av foretak som skal følges opp vedr produksjonsgrensen i 2018	5
Tal kontrolltiltak av foretak det er gjennomført stedlig kontroll hos i 2017	0
Tal kontrolltiltak av foretak som er kontrollert pga mistanke om driftsfellesskap	0
Tal kontrolltiltak av foretak som er ilagt standardisert erstatning	2
Tal kontrolltiltak av foretak som er ilagt standardisert erstatning pga driftsfellesskap	0
Tal kontrolltiltak av foretak som er kontrollert, men vedtak om standardisert erstatning er under arbeid	0
Beløp som er ilagt i standardisert erstatning	123075

Gjennomført risikobasert forvaltningskontroll (fra kapittel 3.3.1.2.1.2 i TB)

Rapportere på

Gjennomført risikobasert forvaltningskontroll av 20 % av kommunene.

Vi har gjennomført risikobasert forvaltningskontroll i 9 av 36 kommunar. Det vil si at kravet til kontroll av 20 prosent av kommunane er oppfylt.

Gjennomført risikobasert forvaltningskontroll av 20% av kommunene

Kommune	Ordninger / omfang	Registrerte avvik	Oppfølging av avvik
Smøla kommune	Tilskot til husdyr og tilskot til kommunale veterinærteneste - stimuleringstilskot	Vi fann to avvik under ordninga tilskot til husdyr. Avvik nr. 1: Kommunen hadde ikkje gjort utval av kontrollobjekt for risikobasert kontroll. Avvik nr. 2: Kommunen hadde ikkje fulgt opp feil- og varselmeldingar (rapport PT-1001) og avkortingslister (PT-4100)	Kommunen er gitt frist til mars 2018 med å utarbeide nødvendige rutiner på området.
Rindal kommune	Nærings- og miljøtiltak i skogbruket, sjukdomsavløsning	Ingen avvik.	
Surnadal kommune	Tilskot til husdyr, tidlegspreiing.	Ingen avvik	
Fræna kommune	Nærings- og miljøtiltak i skogbruket, sjukdomsavløsning, slått og beiting av lokalt viktig jordbrukslandskap (RMP)	Ingen avvik.	
Molde	Gardskartprosessen	Eitt avvik: Det mangla ajourhald for perioden 2014 til 2016.	Kommunen blei bedt om å lage skriftlege rutiner for ajourhald. Kommunen har ved brev frå november 2018 sendt over slike rutiner. Avvik er lukka.
Averøy kommune	Tilskot til husdyr, tidlegspreiing.	Ingen avvik.	
Hareid kommune	Tilskot til husdyr, gardskartprosessen	Eitt avvik under gardskartprosessen: Mangler rutiner for ajourhald.	Kommunen er gitt frist til 1. april for å utarbeide rutiner på området.
Ulstein kommune	Tilskot til husdyr.	Ingen avvik.	
Herøy kommune	Tilskot til husdyr.	Ingen avvik.	

Forvaltningskontroller av kommunene

Resultatmål	Differanse resultatmål	Resultat	Antall gjennomførte forvaltningskontroller	Antall kommuner i fylket
20 %	5	25 %	9	36

Andel avvik avdekket under (fra kapittel 3.3.1.2.1.3 i TB)

Rapportere på

Andel avvik avdekket under kontroll som er fulgt opp: 100 %.

Vi gjennomførte alle våre forvaltningskontrollar hausten 2017. Vi fann til saman tre avvik fordelt på to kommunar. Alle avvik er fulgt opp med brev til kommunen kor vi ber om at praksis leggjast om og at rutiner sendast Fylkesmannen i løpet av våren 2018.

Oppfølging av avvik avdekket under kontroll

Betegnelse på rapporteringskrav	Resultatmål	Differanse resultatmål	Resultat	Antall kontroller med registrerte avvik	Antall kontroller der registrerte avvik er fulgt opp
Oppfølging etter foretakskontroller	100 %	- 100		0	0
Oppfølging etter forvaltningskontroller	100 %	0	100 %	2	2

Vi har gjennomført ein foretakskontroll i 2017. Vi fann ikkje avvik under kontrollen.

3.1.3.3 Befolkningen har tillit til tjenestene og får ivare tatt sin rett til forsvarlige og nødvendige tjenester

Fylkesmannen arbeider målretta for å styrke og halde oppe tilliten til tenestene og rettstryggeliken.

I 2017 har vi hatt stort fokus på bruken av tvang, spesielt når det gjeld tvang mot personar med psykisk utviklingshemming.

Vi har og lagt spesielt vekt på retten til medverknad og samarbeid mellom tenester og tenestenivå.

Antallet stedlige tilsyn skal økes (fra kapittel 3.3.1.3.1.1 i TB)

Rapportere på

Antallet stedlige tilsyn skal økes sammenlignet med 2016.

Fylkesmannen gjennomførte sommeren 2017 uanmeldte stedlige tilsyn med fokus på om kommunen har kvalifisert personell til stede ved gjennomføring av tvangstiltak mot personer med psykisk utviklingshemming, og om tvangstiltakene blir dokumentert i journal.

Kommunane vart varsla om aksjonen i brev den 20.04.2017 og vi opplevde at kommunene tok ein del meir kontakt ift råd og veiledning om blant annet søknadsprosessen rundt dispensasjon fra kompetansekravet mm.

På bakgrunn av tidleg varsel og det vi opplevde som meir kontakt til oss, var håpet at vi skulle finne få avvik.

Vi gjennomførte 11 tilsyn og det var frå eit til fire avvik i alle tilsyna, noko vi synes er nedslående.

I tillegg til avvik på dei områdene vi hadde hovedfokus på, vart det også avdekt bruk av tvangstiltak som ikkje er godkjent av Fylkesmannen og at tvangstiltak ikkje blir gjennomført slik som godkjent.

Det var berre 3 av 19 tilsyn i 2017 der det ikkje var funne avvik. På bakgrunn av desse funna har vi i januar 2018 gjennomført møte med overordna fagleg ansvarlege i kommunane. I møtet var erfaringene fra tilsyna tema, og kommunane fekk også høve til å vise fram døme på god praksis.

Stedlige tilsyn etter kap. 9

Sum antall stedlige tilsyn gjennomført i 2016	Sum antall stedlige tilsyn gjennomført i 2017	Økning	Resultatmål
9	19	10	Positiv økning

Minst 80 prosent av (fra kapittel 3.3.1.3.2.1 i TB)

Rapportere på

Minst 80 prosent av barn registrert ved barneverninstitusjoner og omsorgssentre skal få tilbud om samtale.

Vi legg vekt på å besøke institusjonane når barna er til stades slik at alle barn får tilbud om å snakke med tilsynet. Avviket oppstår fordi barna av ulike grunnar likevel ikkje er tilstades - ofte av grunnar som ikkje er planlagt. Det kan vera flyttingar, innleggingar i sjukehus, besøk i heimen, rømmingar o.l.

Tilsynsmyndighetenes kontakt med barn i barneverninstitusjoner og omsorgssentre

Resultatmål	Resultat	Antall barn totalt	Antall samtaler tilbudt
-------------	----------	--------------------	-------------------------

Vi legg vekt på å besøke institusjonane når barna er til stades og alle barn som får tilbud om å snakke med tilsynet. Avviket oppstår fordi barna av ulike grunnar likevel ikkje er tilstades - ofte av grunnar som ikkje er planlagt. Det kan vera flyttingar, innleggingar i sjukehus, besøk i heimen, rømmingar o.l.

Median saksbehandlingstid for tilsynssaker (fra kapittel 3.3.1.3.3.1 i TB)

Rapportere på

Median saksbehandlingstid for tilsynssaker: 5 måneder eller mindre.

Hendelsesbaserte tilsynssaker - Helse

Inn 194 saker og ut 162 saker. Median saksbehandlingstid i 2017 var 4,8 (tall hentet fra Nestor). Fylkesmannen i Møre og Romsdal har hatt kun 1 tilsett lege i

2017 og restansane på området har hatt ei kraftig auking. Fleire interne avvik vart meldt på området når det gjaldt kapasitet i 2017. Ny ass. fylkeslege tilsett frå 01.01.18.

Tilsynssaker sosial

2 saker. Median saksbehandlingstid 1, 7 månader.

Hendelsesbaserte tilsynssaker - omsorg

Median saksbehandlingstid i 2017 var 9,5 (tall henta frå Nestor).

Andel tilsynssaker behandlet innen 5 månader

Saksområde	Resultatmål	Prosentpoeng	Resultat
Sosial	50 %		
Helse/omsorg	50 %	49 %	49 %

Vi får ikke lagt til i tabell (teknisk). Sosial: 100%. Helse: 100%. Helse/omsorg: 49%

Avslutning av klagesaker: Minst (fra kapittel 3.3.1.3.3.2 i TB)

Rapportere på

Avslutning av klagesaker: Minst 90 prosent innen 3 måneder.

Rettighetsklager - helse

83 % av sakene er behandla innan 3 månader (tall henta frå Nestor)

Rettighetsklager - omsorg

46% av sakene er behandla innan 3 månader (tall henta frå Nestor)

Rettighetsklager samla for helse og omsorg

71 % av sakene er behandla innan 3 månader (tall henta frå Nestor)

Rettighetsklager - sosial

90% av sakene er behandla innan 3 månader (tall henta frå Nestor)

Saksbehandlingstid - Avslutning av klagesaker

Saksområde	Resultatmål	Prosentpoeng	Realitetsbehandlet innen 3 md.
Sosial	90 %	91 %	91 %
Helse/omsorg	90 %	71 %	71 %

Andel vedtak om bruk av tvang (fra kapittel 3.3.1.3.3.3 i TB)

Rapportere på

Andel vedtak om bruk av tvang og makt overfor personer med psykisk utviklingshemning som er overprøvd innen 3 måneder: Minst 90 %.

40% av vedtak om bruk av tvang og makt overfor personer med psykisk utviklingshemning vart overprøvd innan 3 månader i 2017 (tall frå Nestor).

Fylkesmannen har arbeidd aktivt med å auke tale på stadlege tilsyn i 2017 og målet var også å halde sakshandsamingstida under 3 månader. For å få til dette var det tilført ein ekstra personalressurs til arbeidet med helse- og omsorgstenestelova kapittel 9.

Samtidig som vi har gjennomført såpass mange fleire tilsyn i 2017 har også vedtak til overprøving auka. Frå 2016 til 2017 var auka frå 115 til 133 overprøvde vedtak.

Vi fekk også ei stor auke i søknadar om dispensasjon frå utdanningskravet etter at vi varsla kommunane om at det sommaren 2017 ville bli gjennomført uanmeldte stadlege tilsyn. Sidan dei fleste av desse søknadane gjaldt ferieavviklinga i sommar blei dei prioritert. Desse søknadane skal ikkje registrast i Nestor og vi har derfor dessverre ikkje konkrete tal å vise til.

Saksbehandlingstid - Vedtak om bruk av tvang og makt

Resultatmål	Prosentpoeng	Resultat
90 %	36 %	36 %

Andel søknader om dispensasjon (fra kapittel 3.3.1.3.3.4 i TB)

Rapportere på

Andel søknader om dispensasjon fra utdanningskrav som er behandlet innen 3 måneder: Minst 90 %.

Søknader om dispensasjonar frå utdanningskravet blir handsama i samband med overprøving av kommunen sitt vedtak.

Søknadar om dispensasjonar som kjem i vedtaksperioden blir handsama innan 1 månad.

Antall systemrevisjoner eller tilsvarende (fra kapittel 3.3.1.3.4.2 i TB)**Rapportere på**

Antall systemrevisjoner eller tilsvarende tilsyn med kommunale helse- og omsorgstjenester: 17.

Det er gjennomført to systemrevisjoner - RoP- tilsyn- med kommunale helse- og omsorgstjenester.

Det er gjennomført to systemrevisjoner med tema tvungen somatisk helsehjelp. Pasient og brukerrettighetsloven kap. 4A. I tillegg vart det gjennomført to umeldte tilsyn med samme tema.

Det er gjennomført ein systemrevisjon på helse og omsorgstjenester til personar med utviklingshemming og ein systemrevisjon på helse- og omsorgstjenester til barn i avlastningsbustad.

Antall systemrevisjoner eller tilsvarende tilsyn med kommunale helse- og omsorgstjenester

Resultatmål	Differanse	Resultat
17.0	- 11.0	6.0

Resultatet skal være 10. (Vi får ikke lagt til og rettet i tabellen. (teknisk)

Fordelingen av tilsyn med spesialisthelsetjenesten (fra kapittel 3.3.1.3.5.5 i TB)**Rapportere på**

Fordelingen av tilsyn med spesialisthelsetjenesten på hvert embete: 4.

Vi har hatt 2 ROP-tilsyn på poliklinikker i Møre og Romsdal. Vi har deltatt med revisor på 2 tilsvarende tilsyn i Trøndelag. Vi har gjennomført videreføring av sepsistilsyn på to sykehus i Møre og Romsdal, i juni og november 2017.

Antall systemrevisjoner eller tilsvarende tilsyn med spesialisthelsetjenesten

Resultatmål	Differanse	Resultat
4.0	4.0	8.0

Vi får ikke lagt inn i tabellen. (teknisk) Vi har hatt 2 ROP-tilsyn på poliklinikker i Møre og Romsdal. Vi har deltatt med revisor på 2 tilsvarende tilsyn i Trøndelag. Vi har gjennomført videreføring av sepsistilsyn på to sykehus i Møre og Romsdal, i juni og november 2017.

Systemrevisjoner eller tilsvarende tilsyn Systemrevisjoner eller tilsvarende tilsyn (fra kapittel 3.3.1.3.6.2 i TB)**Rapportere på**

Systemrevisjoner eller tilsvarende tilsyn skal være basert på risikovurderinger i de enkelte fylke. Antall systemrevisjoner eller tilsvarende tilsyn med sosiale tjenester bør være i størrelsesorden: 6.

Vi gjennomførte ein systemrevisjon med tema økonomisk stønad i 2017. Dette etter mange klagesaker og hendingar. På grunn av omfattande avvik og skifte av NAV leiar har kommunen trengt lengre tid til å arbeide med å få tenesta lovleg. Vi hadde både opplæringsdagar og vegleing i etterkant.

I tillegg har vi gjennomført 2 systemrevisjonar som del av ROP-tilsyn.

Vi har ikkje innfridd forventningar om 6 tilsyn fordi vi vel å gjere tilsyna så gode at det endrar praksis og bruke tid på rettsikkerheit i enkeltklager.

Antall systemrevisjoner eller tilsvarende tilsyn med sosiale tjenester

Resultatmål	Differanse	Resultat
6.0	- 3.0	3.0

3.1.3.4 Økt rettssikkerhet og rettslikhet for vergetrengende

Det er ei utfordring å rekruttere nok kompetente verjer i fylket. Det er varsla om dette ved fleire anledningar, men det er såpass alvorlig at vi finn grunn til å rapportere særskilt om det

For å kunne gjere ein god jobb for den verjehavar, må verjen ha god kjennskap til dei ulike tjenestetilboda som finns i Norge, og han må være villig til å stå på for verjehavar sine rettar. Verje må også ha god struktur, økonomiforståing og gode evner til samarbeid.

Fylkesmannen finn det utfordrande å finne gode verjersom oppfyller desse kriteria. Noko av utfordringa ligg i honoreringa. Arbeidsmengda står ofte ikkje i forhold til betalinga som er fastsatt i lov og forskrift. Verjene prøver å halde timetalet nede slik at verjehaver ikkje må betale meir enn det som er absolutt naudsynt. Dette utfordrar rettstryggleiken til verjehaver.

Fylkesmannen har i 2017 måtte nedprioritere å føre tilsyn med verjene ut over regnskapskontrollen.

Opprett vergemål – 80 % av vedtakene skal (fra kapittel 3.3.2.1.1.1 i TB)

Rapportere på

Opprett vergemål – 80 % av vedtakene skal være fattet innen 80 dager.

Sjå tabell

Saksbehandlingstid - Opprett vergemål – 80 % av vedtakene skal være fattet innen 80 dager

Resultat	Resultatmål	Differanse
90 %	80 %	10 %

For å oppnå målet har fylkesmannen hatt stor prioritet på området. Opprett verjemål har vore prioritert framfor andre verjemål.

Fylkesmannens samtykke til bruk av kapital (fra kapittel 3.3.2.1.1.3 i TB)

Rapportere på

Fylkesmannens samtykke til bruk av kapital – 80 % av vedtakene skal være fattet innen 28 dager.

Sjå tabell

Saksbehandlingstid - Fylkesmannens samtykke til bruk av kapital – 80 % av vedtakene skal være fattet innen 28 dager

Resultat	Resultatmål	Differanse
89 %	80 %	9 %

Fylkesmannen har alltid hatt stort fokus på dette området. Det er viktig for verjehaver at utbetalingane kjem raskt når det er behov for pengar.

Godtgjøring og utgiftsdekning til verger og representanter (fra kapittel 3.3.2.1.1.4 i TB)

Rapportere på

Godtgjøring og utgiftsdekning til verger og representanter – 80 % av vedtakene skal være fattet innen 42 dager.

Også i 2017 vart resultatmåla for verjegotgjering nådd.

Utfordringane på området har som tidlegare vore knytt til godtgjeringsaker for representantar og verjer for busette einslege mindrarige. Godtgjeringsakene kjem ofte inn i store bolkar og i samband med årsskiftet og avvikling av feriar har ein mottatt sær store saksmengder. For å løyse desse utfordringane har ein omdisponert sakshandsamarar i vergemålsgruppa i perioder. Når det gjeld representantsaker vart det halde eige kurs for representantar i februar, der godtgjering og utgiftsdekning var eige tema. I tillegg vart det utarbeid eit eige skjema til bruk for representantar og verjer for busatte mindreårige. Dette har auka effektiviteten på området.

Ein har i 2017 gitt innspel til Statens sivilrettsforvaltning si høyring for og godtgjering og utgiftsdekning, og ser fram til at regelverket eventuelt vert noko revidert, og at det kjem nytt rundskriv på området.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har enno ein del advokatar inne som verjer og ein tek i 2018 fatt på arbeidet med å gå gjennom alle desse saken i høve godtgjeringsspørsmålet.

Saksbehandlingstid - Godtgjøring og utgifts-dekning til verger og representanter – 80 % av vedtakene skal være fattet innen 42 dager

Resultat	Resultatmål	Differanse
89 %	80 %	9 %

3.1.4 Fylkesmannen skal ta de initiativ som finnes påkrevd og holde sentrale myndigheter orientert om tilstanden i fylket og effekten av statlig politikk

3.1.4.1 Økt kvalitet og kompetanse i kommunene

Ut frå resultatmåla om barnehageigars og skuleeigarstilfredsheit med Fylkesmannen som medspelar og med rolla som rettleiari på regelverket og arbeidet med kompetanseutvikling, kan det sjå ut som om måloppnåinga varierer. Grunnlaget for resultatmålingane her er tal frå undersøkingane spørsmål til «Spørsmål til Skole-Norge våren 2017» og «Spørsmål til Barnehage-Norge høsten 2017». Dette er vurdert som lite presise målingar, og som også er tatt ut som indikatorar for seinare årsrapporteringar.

På skule og barnehageområdet har vi fleire arenaer for dialog og kompetanseutvikling. Vi nemner: Fylkesvise konferansar, regionale samlingar, rettleiing i samband med tilsyn, deltaking på ulike arenaer i regi av kommunane med innlegg om etterspurte tema. I tillegg kjem løpande kontakt med sektoren. Det har i

desse samanhengane vore prioritert å vise, gå igjennom/ demonstrere og oppfordre til bruk av informasjon og verktøy som finst på udir.no.

Gjennom dialog med kontaktpersonar for sektoren avklarar vi korleis Fylkesmannen på beste måte kan bidra til auka kompetanse, kva verkemiddel som fungerer.

Ut frå tilbakemeldingar i kontakten med sektor, og ut frå det vi erfarar sjølve, meiner å sjå positiv utvikling av kompetansen i kommunane. I 2017 har auka kompetanse og kvalitet på arbeidet med elevane sitt skolemiljø hatt særleg fokus. På barnehagområdet har arbeidet med informasjon om og iverksetting av ny rammeplan vore eit prioritert område.

Barnehageeiers, barnehagemyndighets og skoleeiers (fra kapittel 3.4.1.1.1 i TB)

Rapportere på

Barnehageeiers, barnehagemyndighets og skoleeiers grad av tilfredshet med fylkesmannen som medspiller for kommunene, skal ligge på minimum samme nivå som landsgjennomsnittet for 2016, jf. «Spørsmål til Skole-Norge våren 2016» og «Spørsmål til Barnehage-Norge høsten 2016».

På skoleområdet har M&R for 2017 score på 3,4 mot snittet på 3,6. Altså er resultatmålet ikkje nådd.

På barnehagområdet finst ikkje tilsvarende tal.

3.1.5 Gjennomførte evalueringer

Fylkesmannen har i 2017 ikke gjennomført brukerundersøkelser for embetet generelt. For større møter og konferanser gjennomfører vi evaluering basert på tilbakemelding fra deltakerne.

3.2 Avvik på oppdrag i tildelingsbrevet og/eller faste oppgaver i virksomhets- og økonomiinstruks

3.2.1 Tverrsektorielle oppdrag/oppgaver

Ingen vesentlige avvik på de tverrsektorielle oppgavene

3.2.2 Arbeids- og sosialdepartementet

På sosialområdet har vi gjennomført 3 av 6 systemrevisjonar, meir hadde vi ikkje kapasitet til når målet vårt er å gjennomføre gode tilsyn som har effekt, dette krev veiledning av kommunen i etterkant. Det er forventa at vi sett av 1 stilling i arbeidet med KVP. Dette har vi ikkje kapasitet til. Begrunnelsen for det er at vi ser alle oppgavene vi har på sosialområdet i ein heilhet. Vi følger prioriteringene i VØI og Tildelingsbrev og ser dette opp mot behov og utfordringer i Møre og Romsdal når vi planlegger og gjennomfører aktiviteter

3.2.3 Barne- og likestillingsdepartementet

Familievern - ingen avvik

Krisesenter - ingen avvik

3.2.4 Helse- og omsorgsdepartementet

Fylkesmannen anmodet Helsedirektoratet om å pålegge en kommune om å gjenopprette turnuslegeplass for å unngå at det er for få plasser. Av organisatoriske grunner ble plassen ikke opprette høsten 2017. Turnuslegen fant alternativ løsning.

3.2.5 Justis- og beredskapsdepartementet

Verjemål:

Fylkesmannen har hatt stor fokus på dei områda som er prioritert etter tildelingsbrevet. Andre område har blitt prioritert ned. Søknader om endring av verje, søknad om arveforskudd og gaver med meir, har derfor hatt ei lengre saksbehandlingstid.

Det føl av Virksomhets- og økonomiinstruksen punkt 5.3.4.5 at fylkesmannen skal føre tilsyn med verjene og representantene i sitt område. Fylkesmannen har i prioritert kontrollen med verjerekneskapa, til å kontrollere uttrekket.

Når det kjem inn bekymringsmeldingar, gjennomfører vi tilsyn på det personlege området. Vi ser eit behov for meir tilsyn på det personlege området. Tilsyn med verjene elles skjer gjennom råd, rettleiing og bistand i den dialogen vi har med verjene på telefon.

Fylkesmannen må melde avvik på Virksomhets- og økonomiinstruksen punkt 5.3.4.9. I henhold til instruksen skal fylkesmannen sørge for at alle verjer med rekneskapsplikt leverer komplette verjerekneskap. Fylkesmannen har ikkje prioritert dette i 2017. Vurderinga som vart lagt til grunn var at ein uansett ikkje ville fange opp underslag. Det ville kreve store ressursar å gå gjennom kvart rekneskap for å sjekka at alle dokumentkategoriane var komplett. Dette er ein jobb som gjev lite resultat. Etter at uttrekket er kontrollert, bør ein heller kontrollere fleire rekneskap. Rekneskapa som var med i uttrekket er sjølvsagt sjekka opp mot punkt 5.3.4.9. Det er i punkt 5.3.4.9 vidare vist til ei forventning om at fylkesmannen kontrollerer fleire rekneskap enn det som vert tatt ut i uttrekket ut fra ei risikovurdering. Fylkesmannen har kontrollert rekneskap ved endring av verje med grunnlag i at risikoen må antas for å være større når verja elles ikkje har gjort jobben sin og må skiftas ut.

3.2.6 Klima- og miljødepartementet

Dei faste oppgåvene og oppdraga i tildelingsbrevet er i all hovudsak løyst. Omfang og detaljeringsgrad varierar likevel mykje med bakgrunn i ei løpande risikovurdering og tilgangen på ressursar til gjennomføring.

Følgjande to oppgåver har vi utsett til 2018:

Oppstart av arbeidet med marint vern.

Oppdatering av vannmiljø og vannett.

3.2.7 Kommunal- og moderniseringsdepartementet

Ingen avvik

3.2.8 Kunnskapsdepartementet

Ingen avvik.

3.2.9 Landbruksdepartementet

Ingen avvik

3.3 Særskilte rapporteringskrav fra tildelingsbrevet

Blir personer i målgruppen... (fra kapittel 7.3.1.1 i TB)

Rapportere på

Blir personer i målgruppen for programmet vurdert med hensyn til deltakelse og får de som har krav på det, tilbud om program.

Dette skjer i varierende grad. NAV kontora i M&R ligg svært lavt på antall deltakarar. Fleire kontor har ikkje hatt deltakarar på fleire år, eller har eit svært lav antall. Enkelte kontor tek på alvor at KVP er ein rett og legg til rette for at behova blir identifisert og gir tilbud om KVP. Fylkesmannen har inntrykk av at helseutfordringar blir vekta høgt i arbeidsevnevurderingar utan at dette er hovudutfordringa for brukar og at det derfor heller blir gitt AAP, først og fremst som passiv inntektssikring.

Fylkesmannen har gjennom fleire år hatt KVP som tema i møta våre med NAV-leiarane, utan at vi har sett effekt av dette i form av auka fokus på KVP. I 2017 har vi derfor valgt å jobbe tett opp mot sju NAV kontor som har eit ønske om forbetring av KVP arbeidet. Vi har gjennomført to nettverkssamlingar med desse kontora. Tema for samlingane var KVP regelverk og behovsvurdering og identifisering av rett til KVP.

Hvilke utfordringer opplever FM... (fra kapittel 7.3.1.2 i TB)

Rapportere på

Hvilke utfordringer opplever FM at NAV-kontorene har i arbeidet med KVP.

Sli vi ser det blir KVP ikkje høgt nok prioritert i det fleste kommunar og NAV kontor. Vi har inntrykk av at kommuneleiinga jamt over ikkje er opptatt av at KVP er tilgjengeleg eller forsvarleg. Den statlege eigaren i NAV har sterk styring med mål- og resultatmåling, medan kommunen styrer etter økonomiske rammer og har tillit til at einingsleiar (NAV leiar) sikrar forsvarlege tenester.

Vårt inntrykk er at det som ikkje blir målt eller forventa frå øvste leiing, ikkje alltid blir prioritert når NAV kontoret skal yte tenestene. Sjølv om Fylkesmannen i fleire år gjennomførte opplæring på regelverk og hadde fagsamlingar om KVP, har denne kunnskapen til ein viss grad forvittra. I mange NAV kontor er det ikkje tilstrekkelig kompetanse til å identifisere, lage program og følge opp.

Det blir også sagt at ein manglar tiltak for å lage gode program, særleg i mindre kommunar. Nokre meiner at regelverket er byråkratisk og krevjande og særleg når det blir brukt sjelden. Vi høyrer og at NAV kontor som både har fokus og kompetanse vegrar seg for å sette i gang KVP siden dette er ein rett brukaren har berre ein gong i livet.

Mange ventar no på forslaget til regelendring som sidan mars 2017 ligg i ASD. Fylkesmannen i MR var med i arbeidet med å foreslå regelendring.

Hva er de viktigste utfordringene for FM... (fra kapittel 7.3.1.3 i TB)

Rapportere på

Hva er de viktigste utfordringene for FM i arbeidet med KVP.

Til tross for at det i tildelingsbrevet står at KVP arbeidet skal prioriterast med ei stilling, er det i realiteten ikkje nok kapasitet/ressurser samla sett til å jobbe så mykje med KVP. Dei siste åra har vi heller ikkje opplevd stor nok interesse, eller vilje frå NAV kontora. Vi har eit inntrykk av at dette no er i ferd med å snu.

Vi er enig i at KVP-reglane er for omfattande og at det er meningslaust at KVP skal tilbys berre ein gong i livet. Permisjonsreglane omfattar for lite og programmet er for kort, målgruppa tatt i betraktning. Vi opplever også at rådgjevarane i AV-dir ikkje har mandat til å være den pådrivaren i KVP som embeta treng. KVP oppgava i Møre og Romsdal oppleves oppsummert svært krevjande.

Vilkår for aktivitet for de under 30 år... (fra kapittel 7.3.1.4 i TB)

Rapportere på

Vilkår for aktivitet for de under 30 år: Fylkesmannen skal følge med på og beskrive innføring av aktivitetsplikt for mottakere av økonomisk stønad under 30 år og kommunenes erfaringer med den nye lovbestemmelsen.

Fylkesmannen har i 2017 arrangert kurs og fagdagar om den nye lovbestemmelsen. Den har og vært tema på NAV ledermøte. Vi har ikkje mottatt klagesaker på aktivitetsplikta etter § 20a i 2017, men vi har i klagesaker sett at vilkår om aktivitet ikkje alltid blir rett heimla og at klare konsekvenser ved brot ikkje fremgår. I vår kontakt med NAV kontor har vi opplevd stor motstand mot å lage endringsvedtak ved reduksjon av stønad fordi dei meiner at dette allereie er varsla og at ei nytt vedtak + uttale for brukar gir meirarbeid. Slik vi ser det, er Rundskriv hovednr. 35 mangelfullt kva angår korleis rettsregelen er å forstå, særleg det som gjeld tungtvegande grunnar for ikkje å delta, men også handtering av sjukefråvær.

Fylkesmannen har i si opplæring lagt stor vekt på rettstryggleik i vedtak og at krav om aktivitet inneber ei plikt for NAV kontoret å tilby meningsfylte aktivitetar og at vilkår skal være hensiktsmessig. For å supplere det inntrykket vi har av innføring av aktivitetsplikta, sendte vi i januar ut spørsmål til alle våre 35 NAV kontor. Av desse fekk vi svar frå 26 (små, mellomstore og store) NAV kontor. Vi har ikke purra på svar.

Innføring av aktivitetsplikta:

Inntrykket vi har i svarea vi har fått, er svært variert. Enkelte NAV-kontor rapporterer at NAV kontoret og kommunen utanfor NAV har samarbeidd om nye tilbud/aktivitetar eller utvikla det dei hadde frå før. Enkelte NAV kontor har fått ekstra ressursar til denne jobben, andre har oppretta prosjektstillingar og prosjekt. Andre igjen seier at dei gjennom fleire år har stilt krav om aktivitet slik sosialtenestelova i utgangspunktet heimlar for, og nyttar også statlege tiltak og arbeidspraksis og viser til NAV sin oppfølgingsmodell. Enkelte rapporterer at de ikkje har hatt ressursar til samhandling med kommunen utenfor NAV til å utvikle tiltak. Andre NAV kontor seier at dei har utvikla tiltak med den bemanninga og ressursane dei har i kontoret. Fleire samarbeider med frivillighetssentraler. Fleire NAV kontor har brukt tid internt til sjølv å sette seg inn i lovverket. Andre erkjenner for liten kompetanse, men at målet er å forbetre seg. Mange har deltatt i Fylkesmannens tilbud om opplæring. Nokre få seier at dei nærmest ikke har personar i målgruppa og at dei derfor ikke har erfaringer med § 20a. Ytterst får seier at de ikkje har hatt fokus på rettsregelen, utan at det er grunnleggjande.

Fylkesmannen har eit inntrykk av at NAV kontora meiner at det er viktig med meningsfull aktivitet for dei unge og at passiv sosialhjelp ikkje er bra. Nokre meiner at § 20 a skjerpar dette, vidare at dei har blitt meir kreative i sine løysingar og at § 20 a sikrar meir lik behandling av målgruppa uavhengig av kommune. Mange melder inn at den nye bestemmelsen krev mer ressursar til kartlegging, sakshandsaming og oppfølging av brukar. Enkelte kontor har fått auka ressursar, andre ikkje. Det blir og meldt om at aktivitetsplikta har ført til auka samarbeid med kommunene utanfor NAV, eller at det blir enda tydelegare at dette manglar. Nokre rapporterer at fleire har komme i lønna arbeid eller anna aktivitet.

Vi meiner at det samla sett er vanskeleg, og for tidleg å konkludere med at aktivitetsplikta har fungert som tilsikta. For å gjere det, trengs kartlegging over lengre tid.

Fylkesmannen skal rapportere på gjennomførte tilsyn... (fra kapittel 7.3.2.1 i TB)

Rapportere på

Fylkesmannen skal rapportere på gjennomførte tilsyn med kommunenes oppfølging av krisesenterloven.

Fylkesmannen har i 2017 utført ei kartlegging for å sjå om kommunane i vårt fylke har informasjon om krisesentertilbudet til kommunen på si heimeside. Dei fleste har slik informasjon. I tabellen er vi spurt om antall tilsyn med samarbeidskommunar og vi har her lagt inn antallet på dei kommunane vi har undersøkt. Vi menar dette er ein tilsynsaktivitet sjølv om vi ikke har besøkt kommunane.

35 av våre 36 kommunar har ein samarbeidsavtale med eit krisesenter i vårt fylke. Ein kommune har samarbeidsavtale med krisesenter i nabo fylke.

I 2017 valgte vi å gjennomføre tilsyn ved besøk på krisesenteret for Sunnmøre (18 kommunar) og krisesenter for Molde og omegn (10 kommunar). Rapport er skrevet etter kvart besøk.

Møre og Romsdal hadde i 2017 besøk av Høyesterett og det ble mellom anna prioritert å vise fram det nye krisesenteret for Molde og omegn. Det vart i forkant av besøket gjennomført møte med leiinga for krisesenteret.

I samarbeid med RVTS og IMDI har Fylkesmannen arrangert to fagdagar med tema; negativ sosial kontroll, tvangsekteskap og kjønnslemlestelse, samt tilgrensende tema. Her var alle krisesentra i fylket (3) invitert og var godt representert.

Krisesenteret for Molde og omegn har i 2017 arbeidd målretta med handlingsplan mot vald i nære relasjonar. Eige kompetanseprogram er starta opp med 7 fagdagar. Her inngår Høgskule i Molde og RVTS som sentrale aktørar.

Tilsyn med kommunenes oppfølging av krisesenterloven

Totalt antall kommuner i fylket	36
Antall krisesentertilbud i fylket	3
Antall tilsyn med kommuner som har et krisesentertilbud lokalisert i sin kommune 2015	2
Antall tilsyn med samarbeidskommuner (som inngår i samarbeid, men ikke har et krisesentertilbud lokalisert i sin kommune) 2015	0
Antall tilsyn med kommuner som har et krisesentertilbud lokalisert i sin kommune 2016	3
Antall tilsyn med samarbeidskommuner (som inngår i samarbeid, men ikke har et krisesentertilbud lokalisert i sin kommune) 2016	0
Antall tilsyn med kommuner som har et krisesentertilbud lokalisert i sin kommune 2017	2
Antall tilsyn med samarbeidskommuner (som inngår i samarbeid, men ikke har et krisesentertilbud lokalisert i sin kommune) 2017	36

Fylkesmannen skal redegjøre for bakgrunnen for og konsekvenser... (fra kapittel 7.3.2.2 i TB)

Rapportere på

Fylkesmannen skal redegjøre for bakgrunnen for og konsekvenser av eventuelle nedleggelse av krisesentrene eller reduksjon i tilbudet.

Ingen planer om nedlegging eller reduksjon når det gjelder krisesenter i vårt fylke.

Fylkesmannen skal rapportere på antall behandlede søknader... (fra kapittel 7.3.2.3 i TB)**Rapportere på**

Fylkesmannen skal rapportere på antall behandlede søknader og fattede vedtak etter ekteskapsloven, anerkjennelsesloven og brudgivingslova i årsrapporten.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har i 2017 handsama 989 saker etter ekteskapslova. Det er gjeve 538 separasjonsløyve og 451 skilsmiselløyver. Talet på saker til handsaming etter ekteskapslova er fremleis stabilt og antall søknader som vert sendt inn elektronisk aukar.

I 2017 har ein handsama 66 saker etter anerkjennelseslova, også dette talet er stabilt.

Fylkesmannen skal rapportere på antall fattede vedtak... (fra kapittel 7.3.2.4 i TB)**Rapportere på**

Fylkesmannen skal rapportere på antall fattede vedtak etter barneloven i årsrapporten.

Fylkesmannen har fatta eit vedtak etter barnelova § 55 i 2017. Fylkesmannen har gitt generell rettleiing pr. telefon når det gjeld barnelova.

Fylkesmannen skal gi en kort omtale av embetets arbeid... (fra kapittel 7.3.2.5 i TB)**Rapportere på**

Fylkesmannen skal gi en kort omtale av embetets arbeid med veiledning og informasjon på familierettens område, herunder om mekling.

Vi har mottatt nokre førespurnader pr. telefon om regelverket på familieretten sitt område. Mange av spørsmåla omhandlar også i år samvær og fordeling av kostnader ved samvær, under dette at den eine av foreldra ikkje vil dele på kostnaden. Vi har gitt råd og rettleiing, mellom anna om kravet til mekling, samt vist til informasjonsmateriale utarbeidd av BLD. Det er i stor grad foreldre som kontaktar oss, men vi kan også få spørsmål frå advokatar, kommunar og andre offentlege instansar.

Fylkesmannen skal rapportere på antall saker... (fra kapittel 7.3.2.6 i TB)**Rapportere på**

Fylkesmannen skal rapportere på antall saker hvor det er gitt ut opplysninger om den adoptertes biologiske opphav i saker hvor fylkesmannen har gitt adopsjonsbevilling.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har i 2017 gitt opplysningar til den den adopterte om sitt biologiske opphav i heile 34 saker, der fylkesmannen tidlegare har gitt løyve til adopsjon.

Fylkesmannen skal rapportere på antall tilsyn... (fra kapittel 7.3.2.7 i TB)**Rapportere på**

Fylkesmannen skal rapportere på antall tilsyn med familievernkantorene.

Vi har gjennomført tilsyn med alle dei tre familievernkantora i vårt fylke i 2017. Det er laga rapport etter kvart tilsyn. Ingen avvik vart avdekt.

Tilsyn med familievernkantorene

Totalt antall familievernkantor i fylket	Antall gjennomførte tilsyn i 2017	Antall gjennomførte tilsyn i 2016	Antall gjennomførte tilsyn i 2015
3	3	0	0

Fylkesmannen skal gi en kort omtale av embetets arbeid... (fra kapittel 7.3.2.8 i TB)**Rapportere på**

Fylkesmannen skal gi en kort omtale av embetets arbeid med veiledning og informasjon på universell utforming.

Universell utforming inngår som fast sjekkpunkt i alle plansaker på høyring etter plan- og bygningslova. I den løpande plansaksbehandlinga vil merknader og vurderingar knytt til universell utforming inngå i våre høyringsfråseger i samband med kommunale planstrategiar, kommune(-del)planar og reguleringsplanar. I 2017 omfatta dette 461 saker/ekspedisjonar. Universell utforming vil i praksis ofte vere nær knytt til andre planfaglege tema som Folkehelse og *Barn og*

unge. Det tverrfaglege perspektivet er her særleg understreka.

Planavdelinga i Kommunal- og moderniseringsdepartementet disponerer midlar over statsbudsjettet knytt til kompetanseutvikling og opplæringstiltak i kommunane innanfor plan- og bygningslova. Deler av desse midlane er øymerka universell utforming. I 2017 har FMNR og MR fylkeskommune i samband med dette gjennomført ein intern fagdag for tilsette i dei to organisasjonane knytt til tema Universell utforming. Søkelyset vart her retta mot både Universell utforming som strategi og *Universell utforming i plansaksbehandlninga*.

Likestilling og inkludering inngår som gjennomgåande perspektiv i FMNR sin strategiplan for perioden 2017 – 2020. Universell utforming vil her vere eit berande element.

Fylkesmannen skal gi en kort omtale av embetets arbeid med å fremme likestilling... (fra kapittel 7.3.2.9 i TB)

Rapportere på

Fylkesmannen skal gi en kort omtale av embetets arbeid med å fremme likestilling knyttet til ulike diskrimineringsgrunnlag i aktuell lovgivning.

FMNR har likestilling som eit gjennomgåande perspektiv for alle våre fagområder. Dette betyr at sakshandsamarar skal sjå til dette i all si sakshandsaming.

Fylkesmannen skal redegjøre for implementeringstiltak... (fra kapittel 7.3.2.10 i TB)

Rapportere på

Fylkesmannen skal redegjøre for implementeringstiltak av den digitale veilederen og opplæringsprogrammet modul 1 for skoler i fylket som samarbeider med lokalt barnevern.

I 2016 hadde vi ein særskilt gjennomgang av veilederen på tverrfagleg fylkessamling for barnevernsmedarbeidarar, skulemedarbeidarar m.fl.

I 2017 er dette følgt om med påminning og informasjon på barnevernsleiarsamlingar.

Fylkesmannen skal utarbeide en årsrapport... (fra kapittel 7.3.2.11 i TB)

Rapportere på

Fylkesmannen skal utarbeide en årsrapport om tilsynsvirksomheten ved barneverninstitusjoner, omsorgssentre og sentre for foreldre og barn, jf. forskrift om tilsyn med barn i barnevernsinstitusjoner for omsorg og behandling § 14 og forskrift for foreldre og barn §28.

Eigen rapport er under arbeid og blir sendt Bufdir innan fristen den 20.02.18.

Samlet vurdering av hvorvidt det kommunale... (fra kapittel 7.3.3.1.1 i TB)

Rapportere på

Samlet vurdering av hvorvidt det kommunale helse- og omsorgstilbudet i fylket utvikles i henhold til retning og målsettinger i *Omsorgsplan 2020*, herunder *Demensplan 2020*.

Utviklinga i tenestene er i samsvar med retning og mål i *Omsorgsplan 2020*, herunder *Demensplan 2020*.

Kommunane arbeider godt, men det er variasjon i kommunane sine tenestetilbod og framdrift. Mange kommunar har i 2017 hatt fokus på kommunereform i utviklinga av sine tenestetilbod. Vi har i møte med kommunane gjeve klare signal på at ein må planlegge ut frå kommunen sine behov, og sjå dei ulike tenesteområda heilskapleg.

Demensplan 2020 har høgt fokus i kommunane, og vi meiner det er ei positiv utvikling. Det er fortsatt høg aktivitet knytt til ABC- opplæringar og andre kompetansehevande tiltak på område. Fleire kommunar er i gong med aktivitetstilbod til personar med demens, med fleksible løysingar.

Rekruttering og kompetanse er eit viktig tema for oss. Vi nyttar eit kvart høve til å minne kommunane om at dei må planlegge for framtida. Vi ser at det særskilt gjeld tenester til personar med utviklingshemming. Her er mange ufaglærde og personell utan helse- og sosialfagleg kompetanse. Vi har eit årleg møte om Kompetanseløft 2020, der vi inviterer kommunane, akademien og USHT. Her kan kommunane komme med sine behov og utfordringar knytt til kompetanse, og seinast i 2017 var eit studietilbod endra for å imøtekomme kommunane sine utfordringar. Eit anna eksempel er desentraliserte utdanningløp, både til sjukepleiarar og verneplaiar.

Vi har eit godt samarbeid med Utviklingssenter for sjukeheimar og heimetenester (USHT). Vi har fleire arenaer der vi arbeider saman, bl.a. konferansar og nettverk. Vi har årleg Omsorgskonferanse og Demenskonferanse. Når det gjeld læringsnettverk er "Gode pasientforløp til den eldre multisyke pasient" rulla ut for fullt der nesten alle kommunane deltar saman med alle sjukehusa. Alle kommunane og sjukehusa er og med i prosjekt "Innføring av palliativ plan i Møre og Romsdal", noko som vil gje alle eit felles verktøy. Dette forstås vi er unikt.

Velferdsteknologi og endra arbeidsmetodar er på god veg inn i tenestene. Kommunane har ulik framdrift på dette feltet, men fleire kommunar er i gong med Velferdsteknologiens ABC. Det er tre regionale prosjekt som er med i det Nasjonale Velferdsteknologi programmet. Her er 22 kommunar involvert. Vi vonar at nye prosjekt vil komme med i 2018 med nye kommunar.

Rapportere på resultatoppnåelse... (fra kapittel 7.3.3.2.1 i TB)

Rapportere på

Rapportere på resultatoppnåelse for tilskuddsordninger 765.60 og 765.62.

Møre og Romsdal fekk ei ramme på kr. 18 245 000

i tilskot til kommunalt rusarbeid 765.62 i 2017. 22 av 36 kommunar er del av ordningai 2017. Nokre av kommunane hadde overført midlar frå 2016, og vi ser at dei minste kommunane ofte slit med å komme i gang og få kvalifisert personell til stillingane.

Hovudvekt av tilskota går til tilsetjing av ruskonsulent i kommunen. Dei er oftast knytt til kommunen sin rus/psykiatri eining, men i nokre kommunar er dei tilsett i NAV. Dei tre største byane har starta opp arbeid med Housing First-metoden. Fire kommunar har tilsette med brukarerfaring/erfaringskonsulent.

Fylkesmannen vart tildelt 9 mill over statsbudsjettet i 2017 Kap.765.60 - *Tilbud til voksne med langvarige og sammensatte behov for tjenester og barn og unge med sammensatte hjelpebehov*. Midlane er fordelt på 10 ulike tiltak. Ca. 55% til helseføretaket i samband med etablering/drift av ACT- og FACT-team der kommunane inngår som sentrale partar. 45% av midlane har gått til reine kommunale lavterskeltilbod og samarbeidstiltak retta mot barn og ungdom. Gjennom samarbeidsavtalar er 20 av 36 kommunar i fylket med i ordninga. Både innan denne ordninga og tilskot til kommunalt rusarbeid har kommunane etablert tverrfaglege oppsøkkande team.

Samlet vurdering av hvorvidt... (fra kapittel 7.3.3.2.2 i TB)**Rapportere på**

Samlet vurdering av hvorvidt det kommunale rusarbeidet i fylket utvikles i henhold til retning og målsettinger i opptrappingsplanen.

For å auke samhandlinga i kommunane innan rusfeltet arrangerer Fylkesmannen i Møre og Romsdal kvart år konferansen «Ringar i vatn» for tilsette som arbeider innanfor rus- og psykiatrifeltet i kommune og i spesialisthelsetenestene i Møre og Romsdal. Konferansen vert gjennomført i samarbeid med Kompetansesenter rus –Midt –Norge (KoRus) og NAPHA.

For å auke kompetansen i kommunane har vi i tillegg til denne årlege nettverksamling invitert til fagdag for tilsette i NAV om rus, og bruk av verkemiddel og kartlegging av rusutfordringar. Kurs om tvang overfor personar med rusproblem er også tilbudd dei ulike tenestene i kommunane.

Som eit ledd i arbeidet med å sjå på rusområdet som ein del av det heilskaplege helse- og omsorgsarbeidet i kommunane, har vi gitt uttale til samfunnsdelen i kommuneplanen, planstrategiar og helse- og omsorgsplanar fylkesmannen har fått til høyring. Vi har jobba saman med KoRus om å informere og inspirere kommunane til å ta i bruk Brukarplan og Ungdata.

Tilskotsordninga er eit verktøy for å komme i dialog med og styrke kommunane sitt rusarbeid. 22 kommunar var i 2017 omfatta av ordninga.

Vi arbeider med å sjå rus i samheng med andre innsatsområde som folkehelse, barn og unge, omsorgstenesten og har mellom anna tema om rusbruk på samlingar knytt til for eksempel omsorg 2020, folkehelse og frisklivsentrarlar.

Vi opplever at det er engasjement og vilje i kommunane til å jobbe meir heilskapleg med denne gruppa, i tråd med opptrappingsplanen sine intensjonar.

Rapportere på resultatoppnåelse... (fra kapittel 7.3.3.3.1 i TB)**Rapportere på**

Rapportere på resultatoppnåelse for tilskuddsordninga til kommunene 0762.60.

Det er 16 kommunar i fylket som har frisklivsentrarlar. 9 av desse fekk tilskot i 2017. I samarbeid med fylkeskommunen arrangerer Fylkesmannen årlege nettverksamlingar for frisklivsentrarlane.

Samlet vurdering av hvorvidt tilbudet... (fra kapittel 7.3.3.3.2 i TB)**Rapportere på**

Samlet vurdering av hvorvidt tilbudet innen habilitering og rehabilitering i fylket utvikles i henhold til retning og målsettinger i opptrappingsplanen.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har informert om opptrappingsplanen i mellom anna omsorgskonferansen 2017 og fleire andre mindre møter. Det er eit auka fokus på området, men planane er i mange tilfelle av eldre dato.

Alle kommunar har ein koordinerande eining, men desse er svært ulikt organisert. Fylkesmannen har eit samarbeid med koordinerande eining i Helseføretaket. Vi samarbeidde mellom anna om Rehabiliteringskonferanse i 2017. Denne vart av ulike årsaker utsett til 2018.

Mange av kommunane manglar fagkompetanse på området, og denne må styrkast i vidare arbeid.

Fleire kommunar har starta opp med Kvardagsrehabilitering, men det er fortsatt kommunar som ikkje er i gang. Slik vi ser det, går arbeidet med opptrappingsplanen i riktig retning og i tråd med planen..

Når ble siste analyse... (fra kapittel 7.3.4.1.1 i TB)**Rapportere på**

Når ble siste analyse gjennomført?

FylkesROS for Møre og Romsdal vart ferdigstilt i 2016, og er utarbeida i tett samarbeid med Møre og Romsdal Fylkeskommune, og med bidrag frå relevante

regionale aktører knytt til ulike tema. I tillegg har vi utarbeidd FylkesROS fjellskred i 2011 og FylkesROS sjø i 2007, som er viktige grunnlagsdokument vi nyttar i vårt arbeid. Arbeidet med og innhaldet i FylkesROS er presentert ved oppstart og undervegs i dei årlege møta i FBR, og i fagsamlingar for kommunale beredskapsmedarbeidarar.

Foreligger oppfølgingsplan, og i så fall når ble den sist... (fra kapittel 7.3.4.1.2 i TB)

Rapportere på

Foreligger oppfølgingsplan, og i så fall når ble den sist oppdatert?

Oppfølgingsplan vart utarbeidd, og var sist justert i 2016. Vi er i gang med oppfølginga.

Hvilke regionale tiltak... (fra kapittel 7.3.4.1.3 i TB)

Rapportere på

Hvilke regionale tiltak har embetet gjennomført for å ivareta fylkesmannens ansvar for samordning i arbeidet med forebygging og beredskap?

- Deltaking i regionale plannettverk
- Deltaking i regionale planforum
- Møte i fylkesberedskapsrådet
- Øving med fylkesberedskapsrådet.
- Arrangere totalforsvarsmøte for aktørane i Møre og Romsdal, inkludert Nord- og Sør-Trøndelag.
- Regionalt beredskapsseminar med Nord- og Sør-Trøndelag
- Arrangere øving for kommunane
- Arrangere fagdag om heilskapleg ROS-analyse for alle kommunane i samarbeid med Helsedirektoratet
- Deltaking og medarrangør i Nasjonal fjellskredkonferanse i Troms, med bidrag til øvingsplanlegging og fagseminar
- Deltaking i diverse møter og fora knytt til beredskap mot store fjellskred i samarbeid med Møre og Romsdal Politidistrikt, NVE og dei aktuelle kommunane
- Deltaking i diverse møtearena (KBO-møte, sjefsmøte HV11, møte med frivillige, møte med kommunale kriseteam, og liknande)

Andel hendelser av regionale hendelser... (fra kapittel 7.3.4.1.4 i TB)

Rapportere på

Andel hendelser av regionale hendelser som er evaluert med oppfølgingspunkter og sendt DSB.

I 2017 har vi handtert faren for fjellskred frå Veslemannen, med to perioder med evakuering, i lag med kommunen, Politi og NVE, og dei øvrige aktørane i fylkesberedskapsrådet. Etter at situasjonen i fjellet stabiliserte seg og farenivået var tilbake på lågt farenivå, gjennomførte vi eit evalueringsmøte med dei mest sentrale aktørane. Møtereferat frå dette møtet er sendt til DSB.

Andel regionale øvelser og embetsøvelser... (fra kapittel 7.3.4.1.5 i TB)

Rapportere på

Andel regionale øvelser og embetsøvelser som er evaluert med oppfølgingspunkter og sendt DSB.

Fylkesmannen arrangerte hausten 2017 "Øving Fårikål" der alle kommunane i Møre og Romsdal vart invitert til å delta. 32 av 36 kommunar deltok i øvinga. I etterkant har Fylkesmannen laga ein evalueringsrapport basert på læringspunkta frå kommunane. Rapporten er sendt til kommunane som deltok, med kopi til DSB.

Fylkesmannen deltok i øving Trident Javelin medio november 2017. Evaluering frå denne øvinga vil ferdigstillast og vidaresendast til DSB i etterkant av årets møte i fylkesberedskapsrådet (mars 2018).

Status revisjon underliggende planverk... (fra kapittel 7.3.4.1.6 i TB)

Rapportere på

Status revisjon underliggende planverk knyttet til nasjonale beredskapstiltak

- Status revisjon i embetets planverk – hva er gjennomført og hva gjenstår
- Status revisjon regionalt arbeid med underliggende planverk – hvilke tiltak er gjennomført

Vi har starta opp arbeidet med eige planverk basert på felles malar, utarbeida i regi av DSB og utvalde embeter. Vi har òg deltatt på alle samlingar i regi av DSB knytt til temaet.

Vi ønske å delta i samarbeid med dei andre embeta om vidare utvikling av underliggende planverk, slik at dette blir mest mogleg samordna, og slik at ein legg til rette for kompetansedeling på tvers av embeta om dette temaet.

Arbeid knyttet til det sivilt-militære... (fra kapittel 7.3.4.1.7 i TB)

Rapportere på

Arbeid knyttet til det sivil-militære samarbeidet i forbindelse med *Trident Javelin 2017* og *Trident Juncture 2018*: Hvilke deler av dette arbeidet har embetet deltatt i 2017.

Sivil-militært samarbeid var hovedtema for det årlege møtet i Fylkesberedskapsrådet, og i regionalt totalforsvarsmøte for aktørane i Midt-Noreg. Vi har deltatt på alle møter i regi av DSB, og informert om øvingane i alle samlingar med kommunane og i andre møteforum vi har med aktorar i beredskapen.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har hatt tett dialog med HV11 knytt til det sivil-militære samarbeidet i forkant av og under øving Trident Javelin i november, der vi deltok med eigen kriseleing, og med fylkesberedskapsrådet.

Fylkesmann i Møre og Romsdal har deltatt i programkomité og vore del av vertskap under Nasjonal Helseberedskapskonferansen 11. og 12. oktober 2017 på Stjørdal der nasjonal helseøvelse 2018 var tematisert. Denne øvinga er ein integrert del av LiveEX for Trident Juncture, og vert viktig for fleire av aktørane i vår fylke.

Embetene skal i årsrapporten rapportere på antall og andel... (fra kapittel 7.3.4.2.1 i TB)**Rapportere på**

Embetene skal i årsrapporten rapportere på antall og andel kontrollerte vergeregnskap, samt antall verger som er under oppfølging på bakgrunn av ikke godkjente vergeregnskap.

Fylkesmannen har ikkje nøyaktige tal på antall verjer under oppfølging utover uttrekket. Når det gjeld uttrekket føl fylkesmannen opp verjer som ikkje får godkjent rekneskapet. I 2017 var det 36 rekneskap som ikkje vart godkjent. Vidare føl fylkesmannen opp verjer som ikkje leverer rekneskap i det heile tatt. I 2017 vart det ikkje levert rekneskap i 14 saker.

Vergemålsordningen

Sum	Antall kontrollerte vergeregnskap	Antall mottatte vergeregnskap
14 %	273	1 884

Fylkesmannen har ikkje lukkast i å finne tal på antall kontrollerte rekneskap anna enn sjølve uttrekket. Desse tala er ikkje ført opp i styringsverktøyet og statens sivilrettsforvaltning har heller ikkje svart på forespørsel om talmaterialet. Uttrekket er ført inn i tabellen, men i tillegg til dette vart avsluttande verjerekneskap kontrollert fram til mai 2017. Vidare kontrollerer fylkesmannen alle rekneskap frå verjer som vert bytta ut i løpet av året. Alle tilgjengelege ressursar vart brukt på å kontrollere uttrekket og ein hadde dessverre ikkje ressursar til å kontrollere meir enn dette i 2017.

Embetene skal i årsrapporten rapportere hvorvidt... (fra kapittel 7.3.4.2.2 i TB)**Rapportere på**

Embetene skal i årsrapporten rapportere hvorvidt alle vergemål opprettet etter gammel lov har riktig status med tanke på regnskapsplikt.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal gjekk gjennom alle verjemål i 2014 for å sjå kven som hadde plikt til å sende verjerekneskap. Vidare går fylkesmannen gjennom lista over dei som ikkje har levert rekneskap kvart år. Det vert da sjekka på nytt om dei har reknskapsplikt for å sjå om det er årsaka til at dei ikkje leverer. På denne måten meiner fylkesmannen å ha god kontroll på kven som har plikt til å levere rekneskap.

Fylkesmannen skal i årsrapportløsningen rapportere... (fra kapittel 7.3.4.3.1 i TB)**Rapportere på**

Fylkesmannen skal i årsrapportløsningen rapportere på antall innkomne, innvilgede og avslåtte søknader for perioden, fordelt på henholdsvis fritt rettsråd og fri sakførsel. Hva gjelder de innvilgede sakene, skal rapporteringen gi en oversikt over forekomsten av økonomisk dispensasjon, samt totale advokatutgifter og evt. andre utgifter som er innvilget i aktuelle periode, fordelt på saksområde. Av rapporteringen skal videre fremgå hvorvidt det er gitt avslag som følge av økonomisk overskridelse eller av andre grunner i henhold til skjema over rettshjelpsstatistikk fra Statens sivilrettsforvaltning.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal mottok i 2017, 782 nye søknader om fri rettshjelp. For fritt rettsråd vart 677 innvilga og 78 søknader vart avslått, 33 av desse på grunn av inntekt- og/eller formuesoverskridingar, 45 vart avslått av andre grunnar. Det vart gjeve økonomisk dispensasjon i 22 fritt rettsrådssaker.

Av 27 mottekne søknader om fri sakførsel vart 15 innvilga og 12 avslått. To saker vart avslått på grunn av inntekts- og/eller formuesoverskridingar og 10 vart avslått av andre grunnar. Det er i 8 av sakene dispensert frå dei økonomiske vilkåra for fri rettshjelp.

I 2017 vart totale advokatutgifter utbetalt med kr 4.286.785,-, tolkeutgifter vart på totalt kr. 390.111,-.

Retts hjelp 1.1 - Søknader

Betegnelse på rapporteringskrav	Sum	Fritt rettsråd	Fri sakførsel
Innkomne søknader	782	755	27
Innvilgede søknader	692	677	15
Avslåtte søknader	90	78	12

Fylkesmannen skal rapportere på forventet forbruk... (fra kapittel 7.3.4.3.2 i TB)

Rapportere på

Fylkesmannen skal rapportere på forventet forbruk på kap. 470, post 01 inneværende og påfølgende år. Eventuelle avvik skal begrunnes.

Totalforbruket på kap/post 047001 viser seg å være stabil t og svakt aukande. For 2016 var totalforbruket på 5.215.315 og for 2017 5.283.178. Ein forventar ei tilsvarende auke i 2018, då ordninga med fri rettshjelp ikke er vesentleg utvida.

I forbindelse med introduksjonsordning... (fra kapittel 7.3.4.4.1 i TB)

Rapportere på

I forbindelse med introduksjonsordning for nyankomne innvandrere (introduksjonsloven) skal Fylkesmannen skal rapportere på antall klagesaker, hva klagen gjelder og utfallet av klagen.

I samband med introduksjonsordninga for nyankomne innvandrar har Fylkesmannen i 2017 mottatt 13 saker.

6 saker er klager på avslag om å få forlenga programmet - av desse er 4 saker stadfesta, 1 sak er oppheva og sendt tilbake til ny behandling og 1 sak er omgjort.

5 saker er klager på vedtak om stans i introduksjonsprogrammet - alle desse vedtaka er stadfesta av Fylkesmannen.

1 sak gjaldt mellombels stans - dette vedtaket er stadfesta.

1 sak gjaldt klage på vedtak om avslag i deltaking - dette vedtaket er stadfesta.

På området opplæring i norsk... (fra kapittel 7.3.4.4.2 i TB)

Rapportere på

På området opplæring i norsk og samfunnskunnskap for voksne innvandrere (introduksjonsloven) skal Fylkesmannen oppgi antall klagesaker, hva klagen gjelder og utfallet av klagen.

På området norsk med samfunnskunnskap for voksne innvadrarar har Fylkesmannen i 2017 ikkje mottatt klager.

Fylkesmannen skal i årsrapporten... (fra kapittel 7.3.4.4.3 i TB)

Rapportere på

Fylkesmannen skal i årsrapporten rapportere på antall statsborgerseremonier og hvor mange av nye statsborgere i fylket som har deltatt.

Vi har arrangert 2 seremonier, en for Sunnmøre og en for Romsdal/Nordmøre. Sunnmøre: inviterte totalt 268. 102 nye statsborgere deltok = 38%. Romsdal/Nordmøre: inviterte totalt 218. 89 nye statsborgere deltok = 40,8%.

Resultat- og økonomirapportering... (fra kapittel 7.3.5.1 i TB)

Rapportere på

Resultat- og økonomirapportering på fagmidler på klima og miljøområdet innenfor naturmangfold, forurensning og klima.

Rapportering for bruk av fagmidlar blir gjort i eige skjema. Økonomirapportering pr 31.12.17 og tilskotsrapportering for 2017 vart sendt til Miljødirektoratet i januar.

